

xx.2017

# Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020



Godkjend i kommunestyret

Lindås kommune

xx.2017

Oppdraget sitt namn: Rullering av kommunedelplan – trafikksikring  
 Dokumentet sitt namn: Kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020

Stikkord: Oppdatere analyse av ulykker og utryggleik  
 Rullere kap. 5 Handlingsplan

Oppdragsgjevar: Lindås kommune  
 Oppdragsgjevar sin representant: Irene Wilhelmsen

Norconsult AS: Oppdragsleiar: Ingvild Hernes Lunde  
 Medarbeidar: Daria Romanowska

1	2016-xx-xx	X	(+X)			
Revisjon nr.	Dato	Tal sider rapport (+ appendix)	Utarbeidd	Kontrollert	Godkjend	

Rullert av Lindås kommune og Norconsult 2016

0	2010-05-28	43	(+17)	SAA	KSD	OB
Revisjon nr.	Dato	Tal sider rapport (+ appendix)	Utarbeidd	Kontrollert	Godkjend	

Signert rapport original finst i arkivet til Multiconsult AS

Oppdrag nr.	Revisjon nr.	Filnamn
	<b>1</b>	
<b>612754</b>	<b>0</b>	g:\p\5579 kommunedelplan ts lindås\~dok\rapport\612754 kommunedelplan trafikksikring lindås kommune.docx

## Førord

Lindås kommune ynskjer å ha stor fokus på trafikksikringsarbeid. Dette er eit nasjonalt satsingsområde som Lindås kommune ynskjer å ta del i for å førebyggje at ulykker skjer, og for å redusere skadeomfang ved ulykker.

For å ha klare mål og retningslinjer å arbeide etter, har Lindås kommune utarbeidd kommunedelplan for Trafikksikring.

Planen er ei rullering av kommunedelplan 2010-2022 og skal vare frå 2017-2020. Dette er ein plan som har gjeve alle innbyggjarane høve til å ta del i kva og kor ein skal ha fokus innan trafikksikring i åra framover.

Planen skal i utgangspunktet rullerast kvart 4. år. Ved ei eventuell kommunesamanslåing før den tid, er det naturleg at planen vert teken opp til ny vurdering. Handlingsplanen, med forslag til tiltak, skal vurderast kvart år av ei prosjektgruppe.

Trafikksikringsplanen er viktig for Lindås kommune. Planen gir kommunen høve til å påverka andre offentlege instansar til å få gjennomført ulike tiltak. Statens Vegvesen og Hordaland Fylkeskommune gjer eigne prioriteringar på sitt vegnett, og det er viktig å visa kva kommunen ynskjer at dei prioriterer på desse vegane. Planen gjev og grunnlag for søknadar om trafikksikringsmidlar for å få gjennomført enkelttiltak.

Lindås kommune starta opp arbeidet med å rullere trafikksikringsplanen i desember 2015. Rullering av kap. 5, handlingsplan, er eit samarbeid mellom prosjektgruppa og ei utvida prosjektgruppe. Begge prosjektgruppene er sett saman frå ulike etatar med fokus på trafikksikring.

Oppdatering av statistikar og tabellar i rapporten er utført av Norconsult AS.

Planen har status som kommunedelplan og er såleis politisk godkjend i Lindås kommunestyre, sak. ?? nr. ??, vedteke den xx.xx.201x.

Lindås kommune vil nytta anledninga til å takke alle som har kome med innspel til planen, og dei som har vore med i prosjektgruppa, utvida prosjektgruppe og referansegruppa som har ytt god fagleg kompetanse i arbeidet med planen.

### Prosjektgruppa er sett saman av:

Arne Eikefet, Lindås kommune, prosjektleiar infrastruktur og samferdsel

Rune Kilen, Lindås kommune, avdelingsleiar veg

Arne Kvamme, Lindås kommune, oppvekst

Gunn-Thorild Ramslien, Lindås kommune, TS-koordinator (tom. April -16)

Hilde Christine Ulvik Hauge, Lindås kommune, Koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging

Irene Wilhelmsen, Lindås kommune, avdelingsingeniør veg (prosjektleiar)

### Utvida prosjektgruppe er sett saman av:

Prosjektgruppa

Tor Høyland, Statens vegvesen

Lise Fauskanger Ådlandsvik, Hordaland fylkeskommune

Knut Olav Røssland Nestås, Trygg Trafikk Hordaland

Svein Arne Hatlevik, Nordhordland Lensmannskontor

Karl Johannes Romarheim, Lindås og Meland brannvern

### Norconsult AS:

Ingvild Hernes Lunde, Norconsult AS

Daria Romanowska, Norconsult AS

Lindås kommune v/Irene Wilhelmsen har vore prosjektleiar og sekretær i begge prosjektgruppene og har hatt ansvar for å utforma rapporten.

**Lindås kommune, xx 2016**



## Samandrag

Lindås kommune ligg sentralt i Nordhordlandsregionen med Bergen som næraste nabo i sør. Kommunen har ei flatevidde på 476 km<sup>2</sup>. Folketalet pr. 1. januar 2016 ligg på 15.607 innbyggjarar.

Frå 1.1. 2010 vart alle riksvegar i Lindås kommune, med unntak av E39, omklassifisert til fylkesvegar. E39 er den einaste vegen i Lindås kommune som er eigd av staten.

Eit trafikkikkert vegnett er eit av fleire behov som må vera tilfredsstilt for at innbyggjarane i ein kommune skal trivast. Rulleringa av kommunedelplanen, "Kommunedelplan for trafikkisikring 2017-2020", avløyser "Kommunedelplan for trafikkisikring 2010-2022" for Lindås kommune. Ein tek sikte på å gje ein oppdatert status over trafikkisikringsproblema på vegnettet i kommunen.

Målsetjinga med planen er i fyrste rekkje å auke den kommunale innsatsen i trafikkisikringsarbeidet. Vidare skal rapporten skapa eit grunnlag som kan letta prioriteringa mellom dei ulike tiltaka. Planen er avgjerande for å få ekstra midlar til å utføra trafikkisikringstiltak.

I desember 2015 bestilte Rådmannen eit prosjekt for å rullere kommunedelplan for trafikkisikring. Det vart sett opp eit mandat med forslag til prosjektgruppe, utvida prosjektgruppe og ressursar. Dette mandatet vart godkjent i formannskapet 18.02.16. Prosjektgruppa vart sett saman av fagpersonar frå Lindås kommune. Utvida prosjektgruppe inkluderte fagpersonar frå Statens vegvesen, Nordhordland lensmannskontor, Hordaland fylkeskommune, Trygg Trafikk og Lindås og Meland brannvern.

Gjennom analysar og opplysningar frå innbyggjarar i Lindås kommune har utvida prosjektgruppe arbeidd seg fram til tiltak som vil venteleg vil redusere ulykkene og auke trafikktryggleiken i kommunen.

Parallelt med rulleringa vart det av Norconsult AS, utført ein analyserapport for «særleg farleg skuleveg». Målet med prosjektet var ei konkret analyse av vegstrekningar i Lindås kommune som blir definert som særleg farleg skuleveg. Tiltak frå denne analysen er lagt inn i handlingsdelen, kap. 5.

I 2015 vart det utført eit prosjekt som hadde som hensikt å godkjenne Lindås kommune til Trafikkisikker kommune. Dette er ein godkjenningsprosess utført av Lindås kommune i samarbeid med Trygg trafikk. Trygg Trafikk godkjende Lindås kommune og markeringa fann stad i samband med kommunestyremøtet torsdag 12.05.2016.

Val av tiltak er gjort med utgangspunktet i:

### Trafikkulykker med personskade

I siste 10-årsperiode, 2006 – 2015, har det totalt skjedd 248 politirapporterte personskadeulykker i Lindås kommune. I snitt er dette 24,8 ulykker pr. år. I desse ulykkene er 356 personar skadde og 12 personar drepne.

For perioden 2011-2015 er det registrert 120 personskadeulykker med til saman 164 skadde eller drepne. Av desse er 5 personar drepne. Av dei 120 politirapporterte ulykker med personskade, har 48 % av desse ulykkene skjedd på dagens fylkesvegnett. Europavegen, E39, har hatt 38 % av ulykkene.

Dei viktigaste særtrekka ved dei registrerte ulykkene i perioden 2011-2015:

- **Utforkøyringsulykker er dominerande**
- **Dei fleste ulykkene skjer i ettermiddagsrushet og det er stort sett med lettare skadde**
- **Aldersgruppa 15-24 år er mest utsett for ulykker. Denne aldersgruppa er ofte innblanda i dei alvorlegaste ulykkene, og det er oftast menn.**

Stader der innbyggjarane i kommunen kjenner seg utrygge i trafikken

I samband med planarbeidet har Lindås kommune fått inn ei rekkje skriv frå skular og andre interesserte. Dette syner eit stort engasjement og syner at trafikksikring er noko som innbyggjarane i Lindås er opptekne av.

Dei viktigaste særtrekka ved registreringane:

- **Mange føler seg utrygge i samband med ferdsel langs veg (skuleveg). Dette skuldast ofte smale vegar, dårleg standard, dårleg sikt, manglande veglys og manglande tilbod til mjuke trafikantar.**
- **Dei fleste innspela går på ynskje om fysiske tiltak.**

For Lindås kommune har vi definert følgjande visjon og mål for trafikksikringsarbeidet:

## VISJON:

**Ingen skadde eller drepne på vegane i Lindås kommune.**

I arbeidet vårt mot visjonen skal vi fokusere på tre ulike strategiar, med tilhøyrande hovudmål:

- **Trafikantopplæring, informasjon og kontroll**

### Hovudmål

Skapa gode haldningar og framferd i trafikken gjennom opplæring, informasjon og kontroll.  
*Ein ser at unge trafikantar er oftare involvert i ulykker, og det er viktig å koma tidleg inn med opplæring/ haldningsskapande arbeid.*

- **Vegutforming og fysiske tiltak**

### Hovudmål

Betra vegutforminga og gjennomføra fysiske tiltak for å få eit vegnett med færre ulykker og utan alvorleg skadde.  
*Ein ser at ein må leggje vekt på å utbetra tilbodet til mjuke trafikantar, særleg i samband med skuleveg.*

- **Kommuneplanlegging og forvaltning**

### Hovudmål

Trafikksikring skal vere eit tema i kommuneplanen. I ROS analysen for nye planar skal trafikktryggleiken vurderast særskilt, og det skal utførast TS-vurdering på alle plannivå.

Hovudmåla, med tilhøyrande delmål er omtala i kapittel 4.

I handlingsplanen (kap. 5) har Lindås kommune føreslege tiltak kor hovudfokus har vore sikring av skuleveg og utryggleikspunkt.

Ein har skilt tiltaka mellom investering- og driftstiltak då dette er eit omgrep brukt av både Statens vegvesen og Lindås kommune. Ein kan sjå på investeringstiltak som tiltak som er kostnadskrevjande å gjennomføre og driftstiltak som mindre kostnadskrevjande.

Det er ikkje sett frist for gjennomføring av desse tiltaka.

Kap. 5 er delt inn i to delar.

Del 1: Fysiske tiltak er sortert etter vegtype (ansvarleg) og tiltakstype (investering/drift).

Del 2: Andre tiltak. Her er bl.a. kriterielista frå Trafikksikker kommune lagt inn mot avdelingar og ansvarsforhold.

Dei føreslegne tiltaka i kap. 5 er avhengige av ulike budsjett (statlege, fylkeskommunale og kommunale). Årleg vert det lagt ut midlar kor det kan søkjast om tilskot til utbetringar på vegnettet. Tiltakslistene i denne planen vil danne grunnlag for søknad om fylkeskommunale- og statlege midlar. For at Lindås kommune som vegeigar skal kunne utarbeide søknader innanfor rammer gitt for tildeling av tilskot, er tiltaka er ikkje sett opp i prioritert rekkefylgje.

På den måten kan kommunen søkje midlar til aktuelle tiltak innanfor tilskotsrammene og ikkje gå glipp av midlar dersom prioritert tiltak ikkje passer inn i ramma.

Trafikksikringsplanen skal fylgjast opp årleg.

Det er foreslått å utnemne eit trafikksikringsutval i kommunen og ansvar for oppfølginga er lagt på denne gruppa.

### **Forankring:**

- Regional- og nasjonal trafikksikringsplan.
- Kommunedelplan for Trafikksikring 2010 – 2022, godkjent Lindås kommunestyre 28.10.2010.
- Analyserapport for særleg farleg skuleveg.
- Innspel frå publikum, skular og foreldretutval om farlege punkt på vegar i Lindås kommune.
- Samarbeidsprosjekt med Trygg Trafikk «Trafikksikker kommune».

## Innhald

<b>FORORD</b> .....	<b>2</b>
<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>4</b>
<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>10</b>
<b>2. PRESENTASJON AV KOMMUNEN</b> .....	<b>12</b>
2.1 LINDÅS KOMMUNE.....	12
2.1.1 <i>Generelt</i> .....	12
2.1.2 <i>Busetnad og folketal</i> .....	12
2.1.3 <i>Næringsliv</i> .....	13
2.1.4 <i>Trafikkmønster</i> .....	14
2.1.5 <i>Trafikkmengder</i> .....	15
2.1.6 <i>Dagens trafikksikringsarbeid i kommunen</i> .....	16
<b>3. REGISTRERINGAR OG PROBLEMANALYSE</b> .....	<b>19</b>
3.1 DEFINISJONAR.....	19
3.2 POLITIREGISTRERTE PERSONSKADEULYKKER .....	21
3.2.1 <i>Ulykkesutviklinga siste 10-årsperiode</i> .....	21
3.2.2 <i>Særtrekk ved ulykkene i perioden 2011-2015</i> .....	21
3.2.3 <i>Kvar har ulykkene skjedd</i> .....	22
3.2.4 <i>Fordeling på vegkategori</i> .....	22
3.2.5 <i>Fordeling på type ulykker</i> .....	23
3.2.6 <i>Tidsfordeling av ulykkene</i> .....	24
3.2.7 <i>Fordeling på føretilhøva</i> .....	26
3.2.8 <i>Fordeling på lystilhøva</i> .....	26
3.2.9 <i>Skadde og drepne</i> .....	27
3.2.10 <i>Skadde og drepne dei fem siste åra</i> .....	28
3.2.11 <i>Aldersfordeling</i> .....	28
3.2.12 <i>Fordeling på trafikkantgrupper</i> .....	29
3.2.13 <i>Skadeindeksar</i> .....	30
3.2.14 <i>Oppsummering av ulykkesanalysen</i> .....	31
3.2.15 <i>Ulykkesutsette strekningar og punkt</i> .....	31
3.3 UTRYGGLEIK .....	37
3.3.1 <i>Innleiing</i> .....	37
3.3.2 <i>Innsamling av data</i> .....	37
3.3.3 <i>Innkomne bidrag</i> .....	38
3.3.4 <i>Analyse og prioritering av innkomne bidrag</i> .....	38
3.3.5 <i>Særleg farleg skuleveg</i> .....	38
3.3.6 <i>Nokre utrygge punkt i kommunen</i> .....	40
<b>4. VISJON OG MÅLSETJING</b> .....	<b>41</b>
4.1 INNLEIING .....	41
4.2 VISJON FOR TRAFIKKSIKRINGSARBEIDET I LINDÅS KOMMUNE.....	41
4.3 MÅL FOR PERIODEN 2017 - 2020 .....	42
4.3.1 <i>Trafikantopplæring, informasjon og kontroll</i> .....	42
4.3.2 <i>Vegutforming og fysiske tiltak</i> .....	42
4.3.3 <i>Kommuneplanlegging og forvaltning</i> .....	42



<b>5. HANDLINGSPLAN .....</b>	<b>43</b>
GENERELT .....	43
<i>Kriterium for val av tiltak.....</i>	<i>44</i>
<i>Oppfølging og årleg prioritering av tiltak.....</i>	<i>44</i>
<b>DEL 1 .....</b>	<b>45</b>
5.1    INNLEIING DEL 1 .....	46
5.2    FORSLAG TIL TILTAK PÅ RIKSVEGNETTET (E39) .....	47
4.3.1 <i>Investeringstiltak.....</i>	<i>47</i>
<i>Store og viktige vegprosjekt .....</i>	<i>47</i>
<i>Tiltak vidareført frå førre plan.....</i>	<i>48</i>
<i>Nye tiltak .....</i>	<i>49</i>
<i>Veglys .....</i>	<i>50</i>
4.3.1 <i>Driftstiltak .....</i>	<i>50</i>
<i>Tiltak vidareført frå førre plan.....</i>	<i>50</i>
5.3    FORSLAG TIL TILTAK PÅ FYLKESVEGNETTET .....	51
5.3.1 <i>Investeringstiltak.....</i>	<i>51</i>
<i>Store og viktige vegprosjekt .....</i>	<i>51</i>
<i>Tiltak vidareført frå førre plan.....</i>	<i>53</i>
<i>Nye tiltak .....</i>	<i>59</i>
<i>Veglys .....</i>	<i>60</i>
5.3.2 <i>Driftstiltak .....</i>	<i>61</i>
<i>Tiltak vidareført frå førre plan.....</i>	<i>61</i>
<i>Nye tiltak .....</i>	<i>62</i>
5.4    FORSLAG TIL TILTAK PÅ KOMMUNEVEGNETTET .....	63
5.4.1 <i>Investeringstiltak.....</i>	<i>63</i>
<i>Tiltak vidareført frå førre plan.....</i>	<i>63</i>
<i>Nye tiltak .....</i>	<i>66</i>
<i>Veglys .....</i>	<i>68</i>
5.4.2 <i>Driftstiltak .....</i>	<i>69</i>
5.5    OMRÅDE KOR DET ER BEHOV FOR EIGNE OMRÅDEPLANAR FOR TRAFIKKSIKRING .....	70
5.5.1 <i>Innspel som skal med til områdeplan for trafikksikring .....</i>	<i>71</i>
5.6    TILTAK FRÅ ANALYSERAPPORT OM SÆRLEG FARLEG SKULEVEG .....	73
<b>DEL 2 .....</b>	<b>77</b>
5.7    INNLEIING – DEL 2 .....	78
5.7.1 <i>Tiltak med ansvar .....</i>	<i>80</i>
<i>Lindås kommune som vegeigar:.....</i>	<i>80</i>
<i>Lindås kommune som barnehageeigar:.....</i>	<i>82</i>
<i>Lindås kommune som skuleeigar:.....</i>	<i>83</i>
<i>Lindås kommune som ansvarleg for innbyggjarane si helse og trivsel:.....</i>	<i>85</i>
<i>Lindås kommune som arbeidsgjevar: .....</i>	<i>86</i>
<i>Lindås kommune – andre tiltak:.....</i>	<i>88</i>
<i>Trafikkførebyggjande tiltak, i samarbeid med eksterne aktørar:.....</i>	<i>89</i>
5.7.2 <i>Særleg farleg skuleveg .....</i>	<i>91</i>
<i>Tabell over vegkategori innanfor 4km sona til kvar skulekrins .....</i>	<i>92</i>
<i>Alversund skule.....</i>	<i>92</i>
<i>Eikanger skule.....</i>	<i>93</i>
<i>Kløvheim skule.....</i>	<i>94</i>

---

<i>Knarvik skular</i> .....	94
<i>Leiknes skule</i> .....	96
<i>Lindås skular</i> .....	96
<i>Myking skule</i> .....	97
<i>Nordhordland Kristne Grunnskule</i> .....	98
<i>Ostereidet skular</i> .....	100
<i>Seim skule</i> .....	100
<i>Skodvin Montessoriskule</i> .....	101
<b>VEDLEGG</b> .....	<b>102</b>
<i>Vedlegg 1: Analyserapport – Særleg farleg skuleveg</i> .....	102
<i>Vedlegg 2: Oversikt over innspel til planen</i> .....	102
<i>Vedlegg 3: Oversikt over innspel som ikkje kom med</i> .....	102
<i>Vedlegg 4: Oversikt over tiltak som er utført frå førre plan</i> .....	102

## 1. Innleiing

Eit trafikkikkert vegnett er eit av fleire behov som må vera tilfredsstilt for at innbyggjarane i ein kommune skal trivast. "Kommunedelplan - trafikkisikring" for Lindås kommune tek sikte på å gje ein status over trafikkisikringsproblema på vegnettet i kommunen. Dette gjeld både faktisk og følt risiko. Målsetjinga med planen er i første rekke å auke fokuset på og innsatsen i trafikkisikringsarbeidet. Vidare skal rapporten skapa eit grunnlag som kan letta prioriteringa mellom dei ulike tiltaka.

Arbeidet med rullering av kommunedelplanen starta opp i desember 2016. Prosjektgruppa hadde oppstartsmøte 02.12.2015. Det har vore gjennomført til saman 12 arbeidsmøte i prosjektgruppa og 10 arbeidsmøte i utvida prosjektgruppe.

Synfaring har vore utført i lag med Statens vegvesen og ved behov. Gruppene har hatt god hjelp av vegbilete, med 360 graders panorering, fotografert i desember 2015.

Kommunedelplanen avløyser "Kommunedelplan –Trafikkisikring, 2010-2022".

I starten av arbeidet vart det annonsert eit ynskje om innspel frå innbyggjarane i kommunen. Det vart annonsert i lokalpressa, på kommunen si heimeside og link til korleis ein kunne sende innspel på facebook.

FAU/SU/SMU vart oppmoda til å sende inn innspel via informasjon til skulekrinsane i kommunen.

Ein har bede om innspel frå vegdriftsavdelinga i kommunen og tiltak på førespurnad frå innbyggjarar, før og etter annonsering, har vorte lagt til.

Alle innspela er sortert og har vore vurdert med tanke på tiltak i planen. Innspela ligg som vedlegg til planen.

Vi meiner at det er sett av god tid til prosessen rundt planarbeidet, og at dei ulike aktørane har fått reell medverknad. Dette har vore viktig både med omsyn til det faglege innhaldet i planen og til den identiteten / tilhøyrsla dei ulike aktørane vil få til plandokumentet. Dette reknar arbeidsgruppa med vil påverke engasjementet for å få realisert prosjekta, samt å driva arbeidet med trafikkisikring vidare.

Rapporten er delt inn i 5 hovudkapittel.

Kapittel 2 inneheld ein kort presentasjon av Lindås kommune og dagens organisering av trafikkisikringsarbeidet i kommunen.

I kapittel 3 vert det synleggjort kva og kvar trafikkisikringsproblema er i kommunen. Dette er gjort ved å kartleggja:


Politirapporterte personskade-ulykker

Område / strekningar der dei busette i kommunen kjenner seg utrygge

For kvar av gruppene har vi sett nærare på dei "verste" områda. Innanfor kvar gruppe vert det freista å finna tiltak som kan betra tilhøva i kvart område.

Kapittel 4 inneheld visjon og målsetjingar for å auka trafikktryggleiken i Lindås kommune med bakgrunn i dei problema som er avdekte i analysearbeidet.

Kapittel 5 inneheld ein handlingsplan for 2017-2020. Her finn ein oversikt over tiltak som bør ha fokus i tida framover. Både fysiske tiltak og trafikantretta / haldningsskapande tiltak er tekne med. Figuren under viser ei skisse over korleis dei ulike vegane (riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar) i rapporten er bygd opp.



Figur 1: Prioritering av tiltak

## 2. Presentasjon av kommunen

### 2.1 Lindås kommune

#### 2.1.1 Generelt

Lindås kommune ligg sentralt i Nordhordlandsregionen, med Bergen kommune som næraste nabo i sør. Kommunen har ei flatevidde på 476 km<sup>2</sup>. Kommunesenteret Knarvik er regionsenter for Nordhordland. Næraste bysenter er Bergen. Avstanden frå kommunegrensa til Bergen sentrum er 25km.


Lindås er ein fjordkommune. I austre delen av kommunen er det høge fjell og relativt stabile snøtilhøve.



Figur 2: Lindås kommune i utstrekning. Nordhordlandskart.no


#### 2.1.2 Busetnad og folketal

Folketalet i Lindås kommune veks. Pr 1.1.2016 budde det 15.607 personar i kommunen. Sidan 1990 har folketallet auka med 1 % i snitt kvart år. 1990 og 2000 er dei einaste åra der folketallet har gått ned. Dei siste 6 åra har folkeauken vore mellom 1,0 – 2,2 % kvart år.



Figur 3: Folketalet i Lindås kommune 1990 – 2016 (fylkesstatistikk for Hordaland 2016)

Største folkeauken har kome i Knarvik/Alversund og Lindås-området. Frå 1999 til 2009 har busetnaden i Knarvik auka frå litt under 29 % til nesten 35 % av folketalet i heile kommunen. I 2015 var 36 % av befolkning i Lindås busett i Knarvik.




Figur 4: Folkemengd i Lindås etter alder 1. januar 2016 (fylkesstatistikk for Hordaland 2016)

Befolkningsstrukturen over syner at Lindås kommune ikkje skil seg ut frå resten av fylket. Statistisk sentralbyrå si folketalsframskriving for åra 2016-2040 syner oppgang i Lindås kommune (fylkesstatistikk for Hordaland).

### 2.1.3 Næringsliv

Sidan 1960 - åra har Lindås endra seg frå jordbrukskommune til service- og industrikommune. Mongstad har den største konsentrasjonen av industriarbeidsplassar, og regionsenteret Knarvik har flest arbeidsplassar i servicenæringane.

Totalt var det 6648 arbeidsplassar i Lindås i 2016 (fylkesstatistikk for Hordaland). Figuren under syner kva sektorgrupper arbeidsplassane er i. Talet på sysselsette er størst i servicenæringa.



Figur 5: Sysselsette fordelt på næring (fylkesstatistikk for Hordaland 2016)

Lindås kommune har omtrent like mange arbeidsplassar som talet på arbeidsstokken. Dette tyder at Lindås kommune er sjølvforsynt med arbeidsplassar. Det er arbeidspendling både inn til kommunen og ut frå kommunen. Dei fleste pendlar til / frå Bergen. Ein god del pendling skjer gjennom kommunen pga. arbeidsreiser til og frå Mongstad.

#### 2.1.4 Trafikkmønster

Riksveg E39 (tidlegare Europaveg 39), Fylkesveg 57 (tidlegare Rv 57), Fylkesveg 565 (tidlegare Rv 565), og Fylkesveg 570 (tidlegare Rv 570) utgjer i dag det overordna vegnettet (hovudvegnettet) i kommunen. Frå 1.1.2010 vart alle riksvegar i kommunen omklassifisert til fylkesvegar. Det betyr at om lag 51,5 km riksveg no er fylkesveg. Den totale lengde av fylkesvegnettet i kommunen er no om lag 206 km.

Frå sør (Bergen kommune) kjem ein inn i Lindås kommune via E 39, over Nordhordlandsbrua og Hagelsundbrua. Ein kjem då til Knarvik, som er kommunesenteret. E 39 går gjennom Knarvik i sør, til Romarheim og vidare til Masfjorden og Sogn i nordaust.

I Knarvik deler trafikken seg mot Mongstad (ein vesentleg del tungtrafikk), mot Romarheim (langtransport til ytre deler av Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal) og mot Radøy/Austrheim.

Fylkesveg 57 tek av frå E 39 i Knarvik. Vegen går forbi tettstadane Seim og Lindås, og er hovudvegen til Mongstad heilt nord i kommunen. Følgjer ein fylkesvegen vidare kjem ein til Austrheim kommune og ferjesambandet Leirvåg – Sløvåg (Sogn og Fjordane).

Fylkesveg 565 tek av frå Fv. 57 i Isdal, og går nordover til Radøy og Austrheim kommune. Vegen møter igjen Fylkesveg 57 heilt i nord (Austrheim kommune).

Den interne trafikken i Lindås kommune går i hovudsak mellom Ostereidet – Knarvik (E 39) og Lindås – Knarvik (Fv. 57).

I tillegg finst det ei rekkje samleveggar i kommunen (fylkesveggar), samt meir underordna veggar (kommunale og private veggar).

For oversikt over vegsystemet i kommunen vert det vist til vedlegg 1, Oversiktskart, Lindås kommune.

### 2.1.5 Trafikkmengder

Europaveg 39 har mykje gjennomgangstrafikk, men har òg mykje lokaltrafikk til og frå Knarvik. Norhordlandsbrua opna i 1994. Årsdøgntrafikken (ÅDT) over brua har auka kraftig, særleg etter at ein slapp bompengar i 2006. I 2015 var årsdøgntrafikken om lag 17 000 køyretøy. Vidare viser trafikkteljingar frå Statens vegvesen store trafikkvariasjonar på europavegen. I Knarvik sentrum er det i 2015 registrert 17 000 i ÅDT, mens det er registrert om lag 2400 i ÅDT i Romarheim.

Trafikkmengdene på Fv. 57 varierer òg mykje, frå om lag 13 600 i Knarvikområdet til rundt 3000 køyretøy mot grensa til Austrheim (2015).

Trafikkmengde på Fv.565 i Alverflaten var 9100 i 2015.

På samlevegane på fylkesvegnettet viser målingane som er gjort låge trafikkmengder (under 1500 i ÅDT i 2008).



## 2.1.6 Dagens trafikksikringsarbeid i kommunen

### **Lindås kommune**

Lindås kommune har ansvar for at tryggleiken er tilfredsstillande på det kommunale vegnettet for alle trafikantgrupper. Det er også kommunen som har ansvaret for at tryggleiken på vegane vert ivareteke i nye reguleringsplanar der private står som utbyggjar.

Kommunen lagar kommunedelplanar og ein del reguleringsplanar.

I alle planane vert nye vegar planlagde etter sentrale regelverk. Kommunen ser også til at nye vegar vert bygde i samsvar med planane.

Det er Teknisk drift som driftar eksisterande kommunale vegar. Ein ser blant anna til at tryggleiken for trafikantane er ivareteke i nye avkøyrslar, det vert arbeida med rassikring, og det vert utført kantklypping for å oppretthalde sikt langs vegane. Også dette er i samsvar med sentralt regelverk.

**Skulen** i Lindås kommune jobbar med trafikkopplæring i samsvar med læreplanen og krava sett for Trafikksikker kommune.

Skulane står sjølve fritt til å organisera læringa opp mot måla i læreplanen, og elevane vert vurdert opp mot desse måla i 4., 7. og 10. klasse.

Krava i læreplanen er som følgjer:

#### **Kompetansemål i kroppsøving etter 4. trinn**

- Elevene skal kunne følgje trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar.

#### **Kompetansemål i kroppsøving etter 7. trinn**

- Elevene skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.

#### **Kompetansemål i naturfag etter 10. trinn**

- Elevene skal gjere greie for korleis trafikksikringsutstyr hindrar og minskar skader ved uhell og ulykker.
- Elevene skal gjere reie for omgrepa fart og akselerasjon, måle storleikane med enkle hjelpemiddel og gi eksempel på korleis kraft er knytt til akselerasjon.
- Elevene skal følgje sikkerheitstiltak som er omtala i HMS-rutinar og gjere risikovurderingar.

Skulen samarbeider og med andre organisasjonar om trafikksikring på vegane slik som foreldreråd, samarbeidsutval, bygdelag og lensmannsetaten.

**Lindås og Meland brann og redning** har trafikksikring som del av det førebyggjande arbeidet.

Kvart år på open brannstasjon er trafikksikring eit tema og dei er med som arrangør under det store russearrangementet kvar vår.

Trafikksikring følgjer med som tema på dei fleste arrangement Lindås og Meland brann og redning er med på.

### **Hordaland fylkeskommune**

Fylkeskommunen har som vegeigar ansvar for fylkesvegnettet. Gjennom sams vegadministrasjon er Statens vegvesen (SVV) underlagt fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegnettet, og med det har også SVV det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane.

Fordelinga av midlar til fylkesvegnettet skjer gjennom Regional transportplan (RTP) med tilhøyrande handlingsprogram, og det årlege Plan- og byggeprogrammet for Hordaland utanom Bergen.

Det er Hordaland fylkeskommune som vegeigar og budsjettansvarleg, som i fylkestinget vedtek kva som skal byggjast på fylkesvegnettet, ikkje Statens vegvesen.

Trafikksikringsarbeidet til fylkeskommunen er nedfelt i «Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017». Etter § 40a i vegtrafikklova har fylkeskommunen eit ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikksikkerheten i fylket. Som eit ledd i dette arbeidet står Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU), som er eit politisk utval. FTU skal fremje trafikktryggleiken og følgje opp regionale og nasjonale planar. FTU har og tilskotsordningar som kommunane og andre lokale kan nytte seg av, og dei arrangerer årleg trafikksikringskonferanse for kommunane.

RTP er eit viktig styringsdokument innanfor samferdsel og fylkesvegnettet i Hordaland.

Gjeldane RTP (2013-2024) no er under rullering, og ny plan (2018-2029) er planlagt vedteken i juni 2017.

Fylkeskommunen har ansvar for kollektivtrafikken i fylket, inkludert skuleskyss. Fylkeskommunen har og eit ansvar for planlegging etter plan- og bygningslova, og har ei rolle som regional utviklingsaktør. Dette inneber å sjå samheng mellom dei ulike sektorane, skapa samheng mellom aktørane og utvikla aktørane og strategiar for å fremja ei ønska samfunnsutvikling i eigen region.

### **Lensmannen i Nordhordland**

Politiet /Lensmannskontoret deler trafikkinnsatsen inn i tre hovudområde:

1) Førebyggjande arbeid

- Undervisning i 5. klasse, sykling og bruk av hjelm
- Undervisning i vidaregåande skule, fart, åtferd og rusproblematikk

2) Trafikkontrollar (fart, promille, åtferd og verneutstyr).

3) Etterforsking i samband med trafikkulykker og andre trafikklovbrot.

### **Statens vegvesen**

Statens vegvesen er det største fagmiljøet innan veg og vegtransport og har fått ansvar som på nokon område overlappar andre sine ansvarsområde og andre aktørar sine vegnett . Statens vegvesen har sektoransvar for veg og vegtrafikk og å fremja sektoren sitt bidrag til eit betre samfunn.

Statens vegvesen sine hovudoppgåver :

- Ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegar ( for fylkesvegane er Statens vegvesen underlagt fylkeskommunen).
- Gje råd til fylkeskommunen og kommunane om trafikktryggleik
- Utarbeide retningslinjer og føresegner for vegutforming, vegtrafikk, føraropplæring og køyretøy.
- Trafikantrettleing og informasjon
- Kjøretøykontroll
- Fagorgan for Samferdselsdepartementet når det gjeld trafikktryggleik

Statens vegvesen bidreg med utøving av sektoransvar på vegtransportområdet innanfor ei rekke område, mellom anna:

- Koordinera trafikksikringsarbeidet
- Koordinera arbeidet med nasjonal sykkelstrategi
- Vera pådrivar for å få fleire gåande

### **Trygg Trafikk**

*Trygg Trafikk* har eit vedtektsfesta ansvar for å jobbe for best mogleg trafikksikring for alle trafikantgrupper og med eit særleg ansvar for trafikkopplæringa.

Trygg Trafikk:

- har som mål å vera ein leiande aktør i det førebyggjande trafikksikringsarbeidet
- skal bidra til at alle born og ungdom får ein kontinuerleg og god trafikkopplæring
- skal påverka trafikantane til sikker åtferd og setja trafikksikring på dagsorden
- skal vera kompetansesenter for trafikkopplæring av born og unge
- skal vera pådrivar og kunnskapsformidlar
- skal vera bindeledd mellom det offentlege og frivillige trafikksikringsarbeidet

Nyttige adresser:

[www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)

[www.barnastrafikkklubb.no](http://www.barnastrafikkklubb.no)

[www.trafikksikkerkommune.no](http://www.trafikksikkerkommune.no)

### **Andre**

**Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU-Nordhordland)** er ein frivillig organisasjon som består av representantar frå Politi, Brann, Ambulanse og Trygg Trafikk frå Nordhordland.

Organisasjonen vart oppretta i 2006. Samarbeidet oppstod då ein såg at det var viktig å setja i verk tiltak retta mot ungdom, som er ei risikogruppe i trafikken. Organisasjonen jobbar med trafikkførebyggjande tiltak og ulike arrangement tilknytt trafikksikkerhet.

I tillegg held TSU foredrag mot utrykningsetatane.

Kvart år i forkant av russefeiringa, har TSU eit trafikksikringsarrangement for omlag 500 elevar.

Arrangementet er retta mot avgangselevane på dei vidaregåande skulane i Nordhordland, i tillegg til elevar frå yrkesretta fag.

Arrangementet er delt i to. Første delen av arrangementet er ein utedel. Her får elevane demonstrert bilslepp frå 24 meter høgde (tilsvarande kollisjon i 80 km/t i fjellvegg), med påfølgande demonstrasjon av ein redningsaksjon. Dette for å illustrerer dei store kreftane ved ei ulukke, og det stor redningsapparatet som vert sett i sving. I del to vert elevane invitert inn og dei får høyre, forulukka og pårørende fortelje om ulukka og konsekvensane etter ulukka. Dette gjer sterke inntrykk på ungdommane!

TSU har fleire andre arrangement, blant anna trafikkarrangement retta mot lærlingane på Mongstad, sykkeldagar på skular, m.m.

Prosjekta i regi av TSU er i hovudsak støtta frå Gjensidigestiftelsen, men også frå enkelte kommunar og frå fylket.

## 3. Registreringar og problemanalyse

### 3.1 Definisjonar

#### **Trafikkulykke:**

Politiregistrert ulykke i trafikken som medfører personskade i kategoriane: drepne, svært alvorleg skadde, alvorleg skadde, lettare skadde. Ulykkene er registrert i Statens vegvesen sin database for trafikkulykker (STRAKS-registeret). Tala på ulykker som vert nytta i analysane er lågare enn dei faktiske tala. Dette heng saman med sein rapportering av skadar (for eksempel nakkeskadar) og generell underrapportering av ulykker. Spesielt gjeld dette mjukare trafikantar og ulykker med lettare skadde.

#### **Drepne:**

Som drepnen i ei trafikkulykke reknast personar som dør umiddelbart eller innan 30 dagar som følgje av skadar ved ulykka.

#### **Svært alvorleg skadde:**

Skadar som i ein periode truar pasienten sitt liv eller som fører til varige mein av betydeleg omfang (30-100 % medisinsk invaliditet).

#### **Alvorleg skadde:**

Skadar som krev innlegging på sjukehus og lengre behandling, men som ikkje fører til varige mein av betydeleg omfang (dvs. mindre enn 30 % medisinsk invaliditet).

#### **Lettare skadde:**

Som lettare skadd reknast mindre brot, sår og skrammer.

#### **Hardt skadde:**

I 0-visjonen nyttast omgrepa drepne og hardt skadde. Definisjonen av hardt skadde er ulykker med svært alvorleg skade eller alvorleg skade.

#### **Utryggleikspunkt i trafikken:**

Punkt eller strekning langs veg der vegfarande kjenner seg utrygge, dvs. trur at risiko for trafikkulykker er høgare enn normalt. Utryggleikspunkt eller strekningar treng ikkje vera basert på at ulykker og uhell faktisk har skjedd på vedkomande punkt eller vegstrekning.

#### **ÅDT (årsdøgntrafikk):**

Det totale talet på køyretøy som passerer eit snitt på vegen i begge retningar i løpet av eit år, dividert med 365.

#### **STRAKS-registeret:**

STRAKS-registeret er eit registrerings- og rapporteringssystem for trafikkulykker, som vert nytta av Statens vegvesen.

**Ulykkesfrekvens (U<sub>f</sub>):**

Eining som uttrykker kor hyppig ulykkene skjer, og som fortel oss kor stor risiko det er på ein vegstrekning, vanlegvis tal på ulykker pr. 1 mill. vognkilometer.

$$U_f = \frac{U \times 10^6}{\text{ÅDT} \times 365 \times L \times t}$$

U talet på ulykker i registreringsperioden  
ÅDT sum trafikk i begge retningar på strekninga  
t registreringsperioden i heile år  
L vegstrekninga si lengde

**ATK (Automatisk trafikkontroll):**

Fotoboks som er plassert langs vegen som registrerar talet på køyretøy som passerar og tek bilde av køyretøy som bryt fartsgrensa.

**Skadeindeks:**

Forholdet mellom talet på trafikkskadde og innbyggjarar innafor eit geografisk avgrensa område.

**TS:**

Trafikksikring.

**TS-inspeksjon:**

Trafikksikring av eksisterande veg. Systematisk metode for å sikra god trafikktryggleik på eksisterande vegar.

**TS-revisjon:**

Trafikksikring av planar. Systematisk metode for å sikra god trafikktryggleik i planar på alle plannivå.


**ROS-analyse:**

Risiko og sårbarheitsanalyse. Kvalitativ risikovurdering, bygd på fagleg skjønn og erfaring.

## 3.2 Politiregistrerte personskadeulykker

### 3.2.1 Ulykkesutviklinga siste 10-årsperiode

I siste 10-årsperiode, 2006 - 2015 har det totalt skjedd 248 politirapporterte personskadeulykker i Lindås kommune. Figuren under viser korleis ulykkene fordeler seg over åra.



Figur 6: Ulykkesutviklinga i Lindås kommune siste 10-årsperiode (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

Dette er 5 ulykker færre enn for perioden 2000-2009. Gjennomsnittleg har det skjedd 24,8 ulykker per år, mens same tal for perioden 00-09 var 25,3. Talet på ulykker varierer frå 19 i 2015 til 34 i 2012. Dette er truleg tilfeldig. Utviklinga frå 2006 til 2008 var svært negativ, medan utviklinga dei siste åra har vore positiv. Det er snakk om relativt få ulykker per år, og det er difor svært ømfintleg for tilfeldigheit.

I den vidare presentasjonen av ulykkene i Lindås kommune ser ein på siste 5-årsperiode, frå 2011-2015. I tillegg vert det gjort ei samanlikning mot førre 5-årsperiode.

### 3.2.2 Særtrekk ved ulykkene i perioden 2011-2015

Det er totalt registrert 120 personskadeulykker i Lindås i perioden 2011-2015. Særtrekk ved desse ulykkene vert presentert i dei etterfølgjande kapitla. Lokalisering av ulykkene er vist i vedlegg 1 og 2, Oversiktskart, Lindås kommune og Knarvik. Prosenttala vert samanlikna med tilsvarende tal for heile Hordaland utanom Bergen kommune. Tala vert òg samanlikna med førre 5-årsperiode, 2005-2009. Tala for Hordaland er henta frå Statens vegvesen sine databasar.

### 3.2.3 Kvar har ulykkene skjedd


På ulykkeskartet i vedlegg 1 er ulykkene for perioden 2011 til 2015 vist. Dei punkta/strekningane som er mest utsette for ulykker vil ein gå nærare inn på i kap. 3.2.15. Desse stadene er:

- FV. 57 frå Vågseidet til Austrheim grense og ved Isdalstø
- EV 39 i Knarvik sentrum
- EV 39 frå Knarvik til Romarheim

### 3.2.4 Fordeling på vegkategori

Per 1.1.2010 vart mykje av riksvegnettet i landet omklassifisert til fylkesvegar. I Lindås kommune gjaldt dette RV 57, RV 565, RV 569 og RV 570. Vegane er no eigd av fylkeskommunen og har fått namna FV. i staden for RV. På det nye vegnettet har dei 120 politirapporterte ulykkene fordelt seg slik:


46 av ulykkene har skjedd på Europaveg 39, 58 på fylkesvegane, 10 på kommunale vegar, 5 på private vegar og 1 på skogsveg.



Figur 7: Ulykker fordelt på vegkategori for perioden 2011-2015 (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

### 3.2.5 Fordeling på type ulykker

Tabellen under syner kva for type ulykker som har skjedd i Lindås kommune. Prosenttala vert samanlikna med tilsvarende tal for heile Hordaland utanom Bergen kommune.



Figur 8: Fordeling på type ulykke 2011-2015 (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

Statistikken viser at heile 45 av dei 120 ulykkene med personskade er utforkøyringar. Dette utgjer 38 % av alle ulykkene i Lindås og er ein nedgang samanlikna med førre periode. Vidare utgjer møteulykkene 19 % og ulykker med påkjøring bakfrå 18 % av dei totale ulykkene i kommunen.

Av figuren ser ein at det ikkje er store skilnadar mellom type ulykker i Hordaland og Lindås kommune. Lindås kommune ligg lågare enn fylket når det gjelder utforkøyring- og kryssulykker. Der er ein nedgang frå førre periode, då kommunen hadde høgare del utforkøyringar. Ei positiv utvikling kan vere på grunn av fleire fartskontrollar, noko som gjer at fartsnivå vart lågare.


Ser ein nærare på ulykkene med drepne og svært hardt skadde i Lindås kommune dei siste 5 åra, viser dette at alle bilulykkene skuldast utforkøyring. Ut frå denne statistikken bør ein heilt klart setje fokus på dei mange utforkøyringane som skjer.



### 3.2.6 Tidsfordeling av ulykkene

#### Fordeling på måneder.

Tabellen under syner korleis ulykkene fordeler seg over året.




Figur 9: Fordeling på måned 2011-2015 (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

Av figuren går det fram at ulykkene i Lindås kommune skil seg ut frå fylket generelt. Juni, Juli og Oktober skil seg ut som dei verste ulykkesmånadane i Lindås kommune. Dette skuldast truleg lite grunnlagsmateriale. Det er difor vanskeleg å trekka nokre konklusjonar. Ein kan likevel sjå ein trend at det skjer fleire ulykker i månadane mai-juli.

**Fordeling på dagar.**

Tabellen under syner korleis ulykkene fordeler seg på dagane i veka. Talet på ulykker varierer ikkje mye frå tala for heile Hordaland. Måndag skil seg ut med fleire ulykker i Lindås kommune, medan laurdag færre ulykker enn elles i fylket. I Lindås kommune er måndag og fredag dei største ulykkesdagane. Det er ikkje konsekvent samanlikna med førre periodar. Det er difor vanskeleg å trekka konklusjonar.




Figur 10: Fordeling på vekedag 2011-2015 (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

Ser ein på ulykkene med drepne og svært alvorleg skadde, i alt 9 ulykker, har ulykkene skjedd torsdag (3 stk.), søndag (3 stk.), laurdag (2 stk.) og fredag (1 stk.).

**Fordelinga over døgeret.**


Tabellen under syner korleis ulykkene fordeler seg over døgeret. Fordelinga i Lindås er stort sett samanfallande med fordelinga elles i fylket. Det er ein markert topp rundt klokka 14-16. 21 % av alle ulykkene har skjedd i denne perioden.



Figur 11: Fordeling over døgeret 2011-2015 (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

### 3.2.7 Fordeling på føretilhøva


Tabellen under syner på kva slag føre ulykkene har skjedd. 7 % har skjedd på glatt føre i Lindås kommune, mot 15 % i heile Hordaland. Av figuren ser ein at rundt 59 % av ulykkene skjer på tørr veg, og om lag 30 % på våt veg, same som i Hordaland. Denne fordelinga var noko ulik i førre 5-årsperiode, med 43 % ulykker på tørr, bar veg og 38 % på våt, bar veg.



Figur 12: Fordeling på føretilhøva, 2011-2015 (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

### 3.2.8 Fordeling på lystilhøva


Tabellen under syner ved kva lystilhøve ulykkene i Lindås har skjedd. Talla er samanliknbar med fylke elles.



Figur 13: Fordeling på lystilhøva, 2011-2015 (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

### 3.2.9 Skadde og drepne

I siste 10-årsperiode, 2006-2015, har det i Lindås kommune skjedd 248 ulykker med personskaade. I desse ulykkene er 356 personar skadde eller drepne. Dette gjev om lag 1,4 skadde eller drepne per ulykke. 12 personar er drepne, og 47 svært alvorleg skadde og alvorleg skadde. Tabellen under syner kor mange personar som er skadde eller drepne kvart år.




Figur 14: Skadde og drepne i siste 10-årsperiode (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

Tala er svært varierte, og det er ikkje mogleg å sjå ein trend. 2006-2009 var veldig positive. I 2011 var også talet på skadde og drepne per ulykke svært låg. Tala gikk drastisk opp i 2012, med 12 drepne og skadde. Det ser ut at tiltak blei innført, for tala gikk tilbake ned i 2013 og holdar seg på eit lågt nivå.

### 3.2.10 Skadde og drepne dei fem siste åra

I perioden 2011-2015 er heile 164 personar vortne skada eller drepne i trafikken i Lindås kommune. Det er ein stor nedgang sidan førre 5-årsperiode, 2006-2010 (192 personer drepne eller skadde). 5 vart drepne og 1 svært alvorleg skada i denne perioden. Tabellen under syner korleis dei skadde fordeler seg på alvorsgrad.




Figur 15: Alvorsgrad, 2011-2015 (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

I Lindås kommune er 17 % av dei skadde enten alvorleg skadd, svært alvorleg skadd eller drepne. Dette er høgare enn elles i fylket der tilsvarende tal er 12 %. Dette kan t.d. skuldast høg fart.

### 3.2.11 Aldersfordeling


Tabellen under syner kva for aldersgrupper dei skadde og drepne tilhøyrer (2011 – 2015).



Figur 16: Aldersfordeling, 2011-2015 (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

Diagrammet over viser at den klart største ulykkesgruppa er aldersgruppene 18-20 år og 21-24 år. Desse gruppene inneheld få årsklassar i motsetjing til dei andre gruppene. Aldersgruppa 25-34 har flest ulykker, men i denne gruppa er det 10 årsklassar med, mot 3 og 4 i aldersgruppene nemnt over.

Slik fordeler ulykkene seg per aldersklasse frå 15-20 år:




Figur 17: Aldersfordeling 15 – 20 år, 2011-2015 (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

For Lindås kommune er aldersgruppa 18 år den største. Det samsvarer med tala for fylket.

Personar i alderen 15-24 er mest ulykkesutsette, og det er difor mykje å vinna ved å setja inn tiltak retta mot unge trafikantar.

### 3.2.12 Fordeling på trafikantgrupper

Figuren under syner kva for trafikantgrupper dei skadde og drepne tilhøyrer.



Figur 18: Fordeling på trafikantgrupper, 2011-2015 (STRAKS-registeret, Statens vegvesen 2016)

Det er bilførarane og passasjerar som dominerer med 58 % og 25 % av dei skadde og drepne. Det er fleire skadde bilførarar og mindre skadde passasjerar i Lindås enn i fylke. Det kan vere resultat av mindre samkjøring i Lindås. Det er fleire prosent fotgjengar skadd i Lindås enn i fylke elles. Det kan skyldast manglande tilbod, eller dårleg tilrettelegging.

### 3.2.13 Skadeindeksar

Forholdet mellom talet på trafikkskadde og innbyggjarar innafor eit geografisk avgrensa område kan ofte gje ein peikepinn på kor stort trafikkulykkesproblem ein har i området. Tabellen under syner korleis ulike indeksar varierer i Hordaland eksklusiv Bergen og i Lindås kommune. Indeksane som vert presentert i tabellen er mellom anna bilførarindeks og passasjerindeks. Bilførarindeks vil seie talet på skadde bilførarar pr. år i forhold til folketalet. Tilsvarende resonnement gjelder også for dei andre indeksane.

Personskadeindeks er summen av **alle** indeksane og vil seia talet på skadde og drepne trafikantar i forhold til folketalet pr. år.

INDEKS pr. 10 000 innbyggjar	Hordaland eksklusiv Bergen	Lindås kommune
<b>Bilførar</b>	5,31	8,97
<b>Passasjer</b>	2,13	3,2
<b>Lett MC</b>	0,29	0,64
<b>Anna MC</b>	0,75	0,64
<b>Moped</b>	0,63	0,64
<b>Syklist</b>	0,54	0,64
<b>Fotgjengar</b>	0,92	1,28
<b>Anna</b>	0,38	0,64
<b>Personskadeindeks</b>	<b>10,96</b>	<b>16,66</b>

Figur 19: Skadeindeks for 2015 (STRAKS-registeret, Statens vegvesen)

Skadeindeksane for bilførarar, passasjer og motorsykel for Lindås kommune er vesentleg høgare enn for Hordaland. Ser vi på personskadeindeksen (sum av alle indeksane) fortel dette oss at trafikksikringsproblemet i Lindås er mykje større enn elles i fylket sett i forhold til innbyggjartalet. Dette kan tyda på eit komplekst trafikkbilete, mykje trafikk og stor aktivitet langs vegane.

Ved utrekning av indeksane er det nytta eit innbyggjartal på 15 607 for Lindås kommune og 239 106 for Hordaland eksklusiv Bergen. Dette er registrert folketalet for årsskifte 2015/2016.

Lindås kommune har mykje gjennomgangstrafikk. Dette vert det ikkje teke omsyn til ved utrekninga av skadeindeksane. Dette kan føra til at indeksane er høgare enn i kommunar utan høg gjennomgangstrafikk.

Skadeindeksane gir ikkje eit totalt bilete av situasjonen, men det er heilt klart at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Lindås kommune må gjere noko for å betre situasjonen. Desse instansane må difor med grunnlag i denne planen satsa på tiltak retta mot trafikkisikring i åra som kjem.

### 3.2.14 Oppsummering av ulykkesanalysen

Rundt 40 % av ulykkene er utforkøyringsulykker, både i Lindås kommunen og i Hordaland generelt. Dette er den største ulykkestypen. Kommunen har større tal på fotgjengarulykke enn i fylke generelt. Det er eit klart teikn at det er behov for utbetring av tilbod for mjuke trafikantar.

Både på fylkesnivå og i kommunen er den klart største ulykkesgruppa mellom 18-20 år. Desse aldersgruppene er ofte innblanda i dei alvorlegaste ulykkene, og det er oftast menn.

### 3.2.15 Ulykkesutsette strekningar og punkt

Statens vegvesen har definert ulykkespunkt og strekningar slik:

Ulykkespunkt:

*Ein strekning på 100 meter eller mindre der det har skjedd minst 4 personskadeulykker i løpet av ein tidsperiode på 5 år.*

Ulykkesstrekning:


*Ein strekning på 1000 meter eller mindre der det har skjedd minst 10 personskadeulykker i løpet av ein tidsperiode på 5 år.*



### Kryss Kvasnesvegen X E39

Det er ei strekning og to ulykkespunkt som kjem inn under desse definisjonane i Lindås kommune dei siste 5 åra.

Krysset mellom Kvasnesvegen og E39 i Knarvik sentrum er ein ulykkesutsatt stad. Sjå utsnitt under. Her har det skjedd 4 ulykker i løpet av 5 år.



Figur 20: Kryss Kvasnesvegen X E39

Dei fire ulykkene resulterte i fire lettare skadde personar. Tre av ulykkene var bilulykker og ei var MC-ulykke. To av ulykkene var venstresving framfor kjørande i motsett retning. Ulykkesbilde viser at det er vanskelig både å svinge til venstre frå E39 inn i Kvasnesvegen, og å svinge til venstre frå Kvasnesvegen på E39. Det kan tyde på at krysset ikkje er tilfredsstillande for den trafikkmengda som er der per i dag. Ulykkene har stort sett skjedd utanom rusetid.

#### Moglege tiltak:


I Knarvikplanen er dette krysset fjerna og ein oval rundkøyring lagt inn på staden.

Som førebels tiltak kan ein forby venstresving frå Kvasnesvegen og frå E39 frå nord. Det vil gjere at folk vil svinge i rundkøyring inn på Bruvegen. Dette vil kunne gje eit ryddigare trafikkbilde og mindre fare for ulykker.

**FV 57 Knarvik- Isdalstø**

Strekning på FV. 57 frå Knarvik til Isdalstø er klassifisert både som ulykkespunkt og ulykkesstrekning. Det har skjedd 10 ulykker på strekning kortare enn 1000 m i løpet av siste fem års periode.

Ulykkesstrekninga er markert med raudt på utsnittet under. Ulykkespunkt (kortare enn 100 m) er markert med blå sirkel på kartet under. Det har skjedd seks ulykker i krysset i siste fem års periode.




**Figur 21: Ulykkespunkt og ulykkesstrekning på FV 57**

Alle ulykkene resulterte i lettare skadde. Totalt blei 16 personar skadd. Fem ulykker er påkjøringsulykker, tre møteulykker og to ulykker med fotgjengar involvert. Dei fleste ulykkene skjedde på grunn av at kjøretøy ikkje klarte å bremse ned bak eit anna kjøretøy som sto og venta for eksempel på fotgjengar som kryssa over, eller for å svinge til venstre. ÅDT på strekninga var 13000 i 2015. Denne trafikkmengda krev fire felt i høve til dagens handbøker, samt avgrensa tal avkøyrslar.

### FV 57 Vågseide- Hope

Dei alvorlegaste ulykkene i Lindås kommune skjer stort sett utanfor tettbygd strøk. Seks av ulykkene med drepne i siste tiårs periode skjedde på FV 57 i nordleg del av kommunen, på strekning frå Vågseide til Hope. Kartet under viser kor ulykkene har skjedd. Dette er klart den farlegaste strekninga i Lindås, truleg med høgt fartsnivå. Ein syklist, ein fotgjengar, ein motorsyklist og tre bilførar mista livet i denne perioden.



Figur 22: Ulykker med drepne på FV 57 i periode 2006-2015

Denne strekninga blei påpeika i førre periode som særleg farleg. Tal ulykker i denne perioden visar at det ikkje er gjort nok for å betre situasjon.

### *Ev 39 Knarvik – Romarheim*

#### **Fakta om vegen**

Strekninga på om lag 35 km har tidvis dårleg standard. Dette skuldast krappe kurver og mange ukanaliserte kryss. I tillegg kjem ein del avkøyrslar direkte inn på E 39. Strekninga har 12 tunnelar. Fartsgrensa er 70 km/t på strekning frå Knarvik til Ostereidet og så 80 km/t vidare.

Ut av Knarvik sentrum er det i 2015 registrert 10 000 i ÅDT, ved Hjelmåsen er det allereie redusert til 5400 køyretøy. Ved Romarheim er det registrert om lag 2400 i ÅDT (2015).


Vegen er riksveg og knyter Hordaland saman med Ytre Sogn.



**Figur 23: E 39 - Molvikkrysset, mange kryss langs E 39 er ukanaliserte og har dårleg sikt, slik som dette.**

### Trafikkulykkene på staden

Det har skjedd 46 ulykker med personskade på E 39 i Lindås kommune frå 2011-2015, seks av desse har skjedd i sentrum, og alle desse er med lettare skadde. Totalt på strekinga er det 35 ulykker med lettare skadde, sju med alvorleg skadde, ei med svært alvorleg skadde og tre ulykker med drepne.



Figur 24: Kart over ulykker på E39 i Lindås i periode 2011-2015

Ser ein på ulykkene med alvorleg skadde eller verre, i alt 11 stk, har ein 10 bilulykker og 1 MC-ulykker.

Fordelinga på ulykkestype er slik:

- 7 møteulykker
- 3 ulykker med utforkøyning
- 1 ulykke med påkjøring bak frå

Syv ulykker har skjedd utanfor kryss, ei ulykke i kryss og tre ulykker i tunnel.

### Moglege ulykkesårsaker

Det er ikkje ei einskild ulykkesårsak. Ein kan likevel peika på forhold som kan vere medverkande årsak til dei høge ulykkestala på denne vegstrekninga.

- *Låg vegstandard med mange standardsprang*
- *Ukanaliserte kryss*
- *Høgt fartsnivå*
- *Dårleg sikt i kryss og langs vegen*

### **Moglege tiltak**

Heile riksvegen treng ein oppgradering i standard. Trafikken er svært høg på delar av strekninga, og mange av kryssa er ukanaliserte. Ein bør difor sjå på heile strekninga under eitt, og vurdere tiltak deretter.

Tiltak vert då:

- *Heilskapleg vurdering av strekninga*
- *Utbetring av kryss*
- *Sanering av avkøyrslar*

## **3.3 Utryggleik**

### **3.3.1 Innleiing**

Det er svært mange tilhøve som verkar inn på kjensla av tryggleik, og samstundes er graden av tryggleik subjektiv. Trafikksikringsplanen kan difor ikkje gje eit fullgodt og fullstendig dekkjande bilete av alle vegar / vegpunkt m.v. som publikum opplever som utrygge. Rapporten byggjer først og fremst på dei merknadane som er komne inn. I tillegg er det nytta informasjon som Lindås kommune sjølv har, og opplysningar som er komne fram i arbeidsgruppa gjennom arbeidet med planen.

Ut frå dette materialet har ein definert visjon og målsetjingar (kap.4), samt fysiske og trafikantretta tiltak (kap.5).

Vi vurderer det slik at trafikksikringsarbeidet er ein vedvarande prosess. Arbeidet bør skje i ein syklus, der følgjande element er med: Kartlegging av utryggleik (situasjon), fastsetja resultatmål, planlegging og prioritering av tiltak, utføring / utbetringar, vurdering (ny situasjon), og rullering kvart 4. år.

Styrking av trafikktryggleik føreset vedvarande innsats på mange område, og innsats frå fleire aktørar. Stat og kommune har hovudansvaret for å setja i verk tiltak. Det vil vera behov for fysiske tiltak (strakstiltak og meir omfattande tiltak). Samstundes må ein ikkje gløyma at trafikantretta og førebyggjande arbeid òg er viktige verkemiddel for auka tryggleik i kommunen.

### **3.3.2 Innsamling av data**

Tidleg i planprosessen gjekk det ut ein førespurnad til innbyggjarane om sende innspel til planarbeidet. Førespurnaden vart annonsert i lokalpressa, på kommunen sine internett- og facebooksider. Samstundes vart alle FAU på skulane i kommunen oppmoda til å sende inn sine innspel.

Ut frå tal på innspel til planen, peiker desse strekningane/punkta seg ut:

- FV 565 Alverflaten (ca. 10 innspel)
- FV 404 Alversund- Fosse (ca. 6 innspel)
- FV 391 i Leknes (ca. 9 innspel)
- FV 393 Eidsnes- Ostereidet (ca. 7 innspel)
- tettstad Lindås (ca. 7 innspel)
- FV 399 Myking- Sletten (ca. 7 innspel)
- FV 397 ved Kløvheim (ca. 11 innspel)

### 3.3.3 Innkomne bidrag

Engasjementet frå lokalbefolkninga har vore stort, og Lindås kommune har fått inn ei rekkje skriv. Dette syner at trafikksikring er noko som innbyggjarane er opptekne av, og at dei ynskjer å bidra. Lindås kommune har systematisert alle innspel som har kome inn. Innspela ligg som vedlegg i denne rapporten.

### 3.3.4 Analyse og prioritering av innkomne bidrag

Lindås kommune har gjennomført ein analyse av dei innkomne bidraga. Mange av innspela går på utryggleik i samband med ferdsel langs veg (skuleveg) i kombinasjon med dårleg sikt, smale vegar, dårleg sikring, manglande veglys eller manglande tilbod til mjuke trafikantar. Prosjektgruppa har gjennomført synfaringar og vegfoto med 360-graders panorering har vore nytta i møta.

Dei fleste innspela går på fysiske tiltak og utrygge skulevegar. På bakgrunn av bidraga og den kjennskapen kommunen og fagpersonell i utvida prosjektgruppe har til kvar «skoen trykkjer» er det gjort prioriteringar for perioden 2017-2020. Det må presiserast at innspel som er kome inn, men som ikkje er prioritert, ikkje er uaktuelle. Desse innspela vil bli vurdert på nytt i samband med rullering av trafikksikringsplanen.

Tiltaka er lista opp i handlingsplanen (kap. 5).

### 3.3.5 Særleg farleg skuleveg

Lindås kommune har i samarbeid med Norconsult AS utarbeida analyserapport for særleg farlege skulevegar i Lindås kommune. Det er mange av vegane i kommunen som er farlege skulevegar. Denne analysen rettar seg mot strekningar som er særleg farlege eller vanskelege. Analyserapporten skal vere eit hjelpemiddel i vurderinga av fri skuleskyss på grunnlag av særleg farlege eller vanskelege skuleveg.

Analysa gjeld for følgjande skular: Lindås U, Lindås B, Myking, Skodvin M, Seim, Alversund, Knarvik B, Knarvik U, Nordhordland Kristne, Leiknes, Eikanger, Ostereidet B, Ostereidet U og Kløvheim. I tillegg kjem elevar som bur på Hope og går på Kaland B.

Elevar som går på Danielsen ungdomsskule på Frekhaug, kjem alle utanfor grensa på 4 km. Dei får såleis dekka skuleskyss til kommunegrensa, jamfør lov om frittstående skular, §3-7.

Strekningar/punkt som er vurdert som særleg farleg/vanskeleg i rapporten, er vurdert for alle grunnskuleelvar innanfor 4 km grensa. Ulike føresetnader samt alder på elevane vil kunne bety at det er fleire strekningar/punkt enn det som er vist i rapporten som kan vurderast som særleg farleg/vanskeleg skuleveg for einskilde elevar.

Om ein veg er særleg farleg eller vanskeleg, heng nøye saman med føresetjingar og modning hjå det einskilde barn. Det som er særleg farleg for ein 6-åring er ikkje nødvendigvis like farleg for 10-åringen eller 15-åringen. Trafikkframferda er heilt avhengig av relevant trening og opplæring.

Det er og store individuelle skilnader mellom born på same aldersnivå.

Resultatet som er vist i rapporten er basert på fleire kriteria, blant anna:

- Om det er fortau på strekninga
- Kva fartsgrensa er
- Kva trafikkmengda (ÅDT) er
- Vegbreidd. Om denne er over eller under 4 meter
- Om det er lys

Det er også vurdert breidde på skulder, sikt og sikthindringar, type og tal på vegkryss, inn- og utkøyringar, kryssing av veg, om det er gangfelt og vegtilhøve om vinteren. Resultatet som er presentert i rapporten er basert på dagens vegtilstand.

I tabellen under er vist delar av strekningar som er vurdert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg i Lindås kommune, fordelt på skulekrins.

Skulekrins	Vegnamn og nummer
Skular i Lindås Vest	Del av Fv. 565 Radøyvegen
	Del av Fv. 404 Skarsvegen
Leknes	Del av Fv. 391 Leknesvegen
	Del av E39 ved Munnadal
	Del av Kv 1218 Hjelmås - Sauvågen
Eikanger	Del av Kv 1110 Fyllingsnesvegen
	Punkt på Kv 1110 Fyllingsnesvegen nord
	Del av E39 Osterfjordvegen
	Del av Fv. 393 Eidsnesvegen ved Eidsnesstraumen
Seim skule	Del av Fv. 402 Lurevegen
	Del av Fv. 401 Seimstranda
	Fv. 390 Vassbygdvegen
Kløvheim skule	Del av Fv 397 Mykingvegen
	Punkt Kv 92
	Del av Kv 1169 Reikeråsvegen
Myking skule	Del av Fv. 397 Mykingvegen (nord)
	Del av Fv. 397 Mykingvegen (sør)
	Del av Fv. 399 Skauvegen
Skodvin montessoriskule	Delar av Fv. 57
	Del av Fv.390 Vassbygdvegen
Lindås barneskule og Lindås ungdomsskule	Del av Fv. 415 Veråsvegen
	Del av Fv. 57 Mongstadvegen

Figur 25: Delar av strekningar vurdert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg



### 3.3.6 Nokre utrygge punkt i kommunen



Figur 26: Uoversiktlig kryssområde ved Ostereidet senter.



Figur 27: Fv. 401 Kleivane. Liten plass til fotgjengarar her. Figur 28: Dårlig sikt i krysset ved avkøyringa til Molvik frå E 39.




Figur 29: Fv. 57, avkøyring til Seim, ved Vatne. Lite tilrettelagt undergang gjer at fotgjengarar kryssar i plan.

## 4. Visjon og målsetjing

### 4.1 Innleiing

Det finst ulike strukturar når det gjeld målsetjingar. Ein mykje brukt struktur er:



Figur 30: Målsetjingsstruktur

Visjonen, eit ønska framtidsbilete, skal stå overordna alt anna, som ei ledestjerne på vegen. Mens eit hovudmål vil vera eit langsiktig mål som kan føra oss vidare mot visjonen. Eit hovudmål kan innehalde fleire delmål.

### 4.2 Visjon for trafikksikringsarbeidet i Lindås kommune

*”Ein visjon er eit ønska framtidsbilete, noko ein skal strekkja seg etter, som til dømes kan vere knytt til innbyggjarane si helse og trivsel eller andre parameter som har med livskvalitet å gjere.”*

I det nasjonale- og regionale trafikksikringsarbeidet er det ”nullvisjonen” som ligg til grunn. Denne visjonen vil også Lindås kommune følgje i trafikksikringsarbeidet.

*”Nullvisjonen” krev innsats frå ulike etatar i kommunen, fylkeskommunen, vegvesenet, lensmannsetaten, Trygg Trafikk og frivillige organisasjonar, men også frå den enkelte trafikant.*

Med ”nullvisjon” lagt til grunn ,skal vi arbeidet mot ein langsiktig idealtilstand.

**Ingen skadde eller drepne på vegane i Lindås kommune.**

## 4.3 Mål for perioden 2017 - 2020

I arbeidet mot visjonen skal det fokuserast på tre ulike strategiar:

- 4.3.1. Trafikantopplæring, informasjon og kontroll.
- 4.3.2. Vegutforming og fysiske tiltak.
- 4.3.3. Kommuneplanlegging og forvaltning.

Siste punkt er særst viktig i eit lengre perspektiv. Med riktig planlegging og arealforvaltning vil ein kunne sikre at trafikksikring vert ein del av planprosessane og at ein dermed ikkje må gjere tiltak i etterkant.

### 4.3.1 Trafikantopplæring, informasjon og kontroll

#### **Hovudmål**

Skapa gode haldningar og framferd i trafikken gjennom opplæring, informasjon og kontroll.  
*Ein ser at unge trafikantar er oftare involvert i ulykker, og det er viktig å koma tidleg inn med opplæring/ haldningsskapande arbeid.*

#### **Delmål**

- Trafikantopplæring for mjuke trafikantar.
- Få i stand eit arrangement med fokus på trafikksikring kvart anna år.
- Auka kontrollar på ulykkesbelasta vegar.

### 4.3.2 Vegutforming og fysiske tiltak

#### **Hovudmål**

Betra vegutforminga og gjennomføra fysiske tiltak for å få eit vegnett med færre ulykker og utan alvorleg skadde.  
*Ein ser at ein må leggje vekt på å utbetra tilbodet til mjuke trafikantar, særleg i samband med skuleveg.*

#### **Delmål**

- Få på plass dei mindre/ enkle tiltaka (som skilting, oppmerking, siktutbetring o.a.) i løpet av 2011.
- Setja i gong minst eit av dei større tiltaka anna kvart år frå 2011.
- Betre vedlikehald, særleg med fokus på universell utforming og mjuke trafikantar.

### 4.3.3 Kommuneplanlegging og forvaltning

#### **Hovudmål**

Trafikksikring skal vere eit tema i kommuneplanen. I ROS analysen for nye planar skal trafikktryggleiken vurderast særskilt, og det skal utførast TS-vurdering på alle plannivå.

#### **Delmål**

- Ny bustadbygging må, så langt det er mogleg, ledast inn på eksisterande gang/ sykkelnett.
- Det må setjast av eigen post på budsjettet til tiltak innan trafikksikring.
- I vidare utbygging av kommunikasjonssystem, må ein vurdere å leggje inn eksterne sykkelstiar i sentrumsnære strøk.
- Tiltak for å auka bruk av kollektivtrafikk og andre alternative transportmiddel.

## 5. Handlingsplan

### Generelt

Kapittel 5 gjev ein oppdatert gjennomgang og analyse av dei viktigaste trafikksikringsproblema i Lindås kommune. I rulleringa av trafikksikringsplanen er det innspel frå publikum, gjeldande kommunedelplan for trafikksikring, erfaring frå vegdrift, analyserapport for særleg farleg skuleveg og kunnskap i utvida prosjektgruppe, som dannar grunnlag for viktige satsingsområde og prioriteringar. Det er dessverre eit faktum at midlane ikkje strekk til for snarleg gjennomføring av alle dei tiltaka ein ynskjer. For å føre oss nærare visjonen er det difor naudsynt å konsentrere innsatsen om viktige fokusområde.

Det pågåande trafikksikringsarbeidet set fokus på:

- Reell ulykkes-/alvorsrisiko
- Sterk prioritering og satsing på skuleveg og område kring skulane og barnehagane
- Sikre mjuke trafikkantar
- Haldningsskapande arbeid i kommunen

Ein har i rulleringa valt å dela handlingsplanen inn i to delar.

Del 1 omhandlar dei fysiske tiltaka langs vegane i Lindås kommune. Del 2 omhandlar alle andre tiltak.

I **del 1** er fokuset sett på dei fysiske tiltaka som utvida prosjektgruppe meiner det bør satsast på framover. Forslaga er sett opp etter ei samla vurdering av innspel (nye og tidlegare), ulykkesstatistikkar, følt utryggleik, synfaring og supplerande opplysingar frå Statens vegvesen, Lindås kommune og utvida prosjektgruppe.

Tiltaka vert ikkje sett opp i prioritert rekkjefylgje men er meint som ein oversikt over dei tiltaka ein må strekkja seg etter å få utført i perioden planen gjeld.

*Forslaga til Fysiske tiltak* er sortert etter vegtype (ansvarsområde) og type tiltak (drift eller investering). Driftstiltak er mindre fysiske tiltak og Investeringstiltak er større kostnadskrevjande tiltak.

#### **Driftstiltak**

Tiltak som skal kunne gjennomførast innanfor dei årlege budsjetta og ved hjelp av å søkje midlar frå statlege og fylkeskommunale tilskotsordningar til mindre fysiske trafikksikringstiltak. Normalt vil desse tiltaka kunne utførast innan ein 4-årsperiode (2017-2020).

#### **Investeringstiltak**

Tiltak som krev større ekstraordinære statlege-, fylkeskommunale eller kommunale løyvingar og forholdsvis mykje ressursar, planarbeid og tid til gjennomføring.

Det er pr. i dag ikkje mogleg å søkja statlege midlar til tiltak på riksvegnettet. Dette gjeld alle tiltaka lista opp i kap. 5.2. Finansiering av desse tiltaka må tilkome på anna vis.

For å skilje ut store og viktige vegprosjekt frå mengda, har ein laga ei eiga liste for desse. Veglys er og samla i eigen bolk.

Det er laga ei oversikt over område kor utvida prosjektgruppe meiner det bør bli utabeida ein eigen «områdeplan for trafikksikring».

I **del 2** av handlingsplanen kjem alle tiltaka som ikkje direkte går på fysiske utbetringar. Dette kapittelet inneheld blant anna tabellar for haldningsskapande tiltak, kva Lindås kommune som trafikksikker kommune forpliktar seg til, kva er vurdert til å vere særleg farlege skuleveg og etc....

### Kriterium for val av tiltak

Med knappe midlar er det vanskelege prioriteringar som skal gjerast. Det er difor naudsynt med nokre kriterium å vurdere tiltaka ut frå. Ei totalvurdering av kriteria under vert lagt til grunn ved prioritering av tiltak til planen.

- Er tiltaket knytt til skuleveg/ område der born ferdast i trafikken?
- Er det registrert stor utryggleik på staden, og verkar denne spesielt velgrunna?
- Har tiltaket spesiell effekt for spesielle ulykkestypar eller målgrupper som er framheva?
- Fell tiltaket inn under dei satsingsområda som er utpeika på bakgrunn av problemanalysen?
- Er staden/strekninga spesielt ulykkesutsett?

### Oppfølging og årleg prioritering av tiltak

Tiltak på det kommunale vegnettet skal prioriterast i samband med det årlege økonomiplanarbeidet. Kommunalt trafikksikringsutval skal bidra til ei fagleg prioritering som skal leggjast fram for politisk handsaming.

Administrativ oppfølging av dei prioriterte tiltaka vil skje gjennom vegavdelinga og koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging.

I tillegg tek kommunen sikte på å ha eit tett samarbeid med eksterne samarbeidspartnarar, til dømes TSU.

# DEL 1

## HANDLINGSPLAN

### FYSISKE TILTAK

## 5.1 Innleiing del 1

Lindås kommune har i overkant av 200 kilometer kommunal veg. I tillegg kjem like mange kilometer med fylkesveg og riksveg E39 går gjennom kommunen.

Utfordring med slitte asfaltdekker og låg vegstandard er typisk for kommunal- og fylkesvegane i kommunen.

I 2015/2016 er **hovudplan veg** utarbeida for det kommunale vegnettet.

Driftsavdelinga i kommunen er godt i gang med opprusting og nysafaltering på kommunevegane.

I tillegg har kommunen sett i gang arbeid med å rehabilitere bruer, kaiar og rassikring.

Fylkesvegnettet har minst like store utfordringar og det er opp til Hordaland fylkeskommune å vedta kva som skal gjerast på og ved desse vegane.

I arbeidet med trafikksikringsplanen har utvida prosjektgrupe sett på heile vegnettet i kommunen.

For å betre oversikta har ein valt å splitte tiltaka i egne oversikter for riksveg, fylkesveg og kommunalveg.

Statens vegvesen og Lindås kommune har begge budsjett som er delt mellom investering og drift.

Tiltaka er difor klassifisert innanfor desse kategoriane. I tillegg har ein valt å lage egne lister for store viktige vegprosjekt og veglys under investeringstiltak.

Alle innspel som kom inn til planen samt innspel som har kome i ettertid, er vurdert i prosessen. I tillegg har ein tatt ei vurdering av dei tiltaka som ligg i kommunedelplan for trafikksikring 2010-2022. Utførte tiltak er tatt ut av planen og med notat på kva som er utført. Oversikt over utførte tiltak ligg i vedlegg 4.

Innspel som kom inn til rulleringa men ikkje kom med i lista, ligg i vedlegg 3 med notat på kvifor dei ikkje vart vurdert vidare.

Tiltaka som ligg i tiltakslistene for neste periode har vore gjennom ein utsilingsprosess.

For å komme fram til resultatet har det vore 3 rundar.

I fyrste runde gjekk prosjektgruppa gjennom alle innspela som kom inn og sorterte dei i drift og investering.

I andre runde vart utvida prosjektgruppe tatt med for å gå gjennom kva for tiltak som var reelle å ta med vidare.

I tredje runde har ein så gått nærmare inn på dei tiltaka som stod att etter runde 2 og vurdert dei opp mot oppsette kriteria. Desse tiltaka ligg under bolken «nye tiltak».

## 5.2 Forslag til tiltak på riksvegnettet (E39)

Statens vegvesen er ansvarleg for riksvegane i Lindås kommune. Dei set med midlane for å få gjennomført tiltak på desse vegane. I Lindås er det ein riksveg, E39.

### 4.3.1 Investeringstiltak

#### *Store og viktige vegprosjekt*

---

**Referansenr.:**

RI01

**Strekning/stad:** Knarvik – Romarheim**Grunngjeving:** Strekninga har mange stygge kryss med høg fart, dårleg sikt og manglande svingefelt. Nokre eigedommar har direkte avkøyring på E 39. Heile strekninga må vurderast under eitt før utbetringar vert gjort. Samstundes må plassering og tilgang til busslommer langs vegen sjåast på.**Tiltak:** Utarbeide heilskapleg plan for strekninga.  
Avkøyrlesanering.Samanhengande gang og sykkelveg på strekninga.  
Deretter prioritere driftstiltak og investeringstiltak.**Delvis utført:** Sommar 2016 etablert 70-sone på heile strekninga mellom Gjervik og nord for Ostereidet.  
Hjelmåskrysset vert utbetra i 2016.

Fleire nye strekk med veglys langs E-39 i 2016 og 2017.

**Planar:** Det pågår planarbeid for ny E39 gjennom Lindås kommune.  
Det pågår reguleringsplanarbeid for utbetring av Molvikrysset.**Ref.nr. førre plan:** 111

---



*Tiltak vidareført frå førre plan***Referansenr.:**

---

**RI02**

**Strekning/stad:** E39 - Kontinuerlig gang- og sykkelveg  
**Grunngjeving:** Manglande gang-/sykkelveg på somme strekningar:  
1 - Mundalsberg tunnelen-Leiknes Smal og mørk tunnel  
2 - Vikane - Eikanger  
3 - Bjørsvik - Andås  
**Tiltak:** 1 - Utviding av tunnel og gang-/sykkelveg på heile strekninga.  
2 - Gang-/sykkelveg  
3 - Gang-/sykkelveg  
**Planar:**  
**Ref.nr. førre plan:** 110

---

**RI03**

**Strekning/stad:** E 39, Molvikkrysset  
**Innspel:**  
**Grunngjeving:** Dårleg sikt i begge retningar i krysset, spesielt mot nord. Manglar venstresvingefelt.  
**Tiltak:** Omlegging av krysset, felles påkopling med krysset til Bjørsvik.  
**Planar:** Det pågår reguleringsplanarbeid for utbetring av Molvikkrysset.  
**Ref.nr. førre plan:** 112

---

**RI04**

**Strekning/stad:** E 39, kryss til Ostereidet senter  
**Grunngjeving:** Tette kryss og rotete trafikkbilete. Vanskeleg situasjon for alle trafikantar.  
**Tiltak:** Reguleringsplan for betring av trafikksituasjonen.  
**Planar:** Områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum - oppstartsmøte mars 2015.  
**Ref.nr. førre plan:** 114

---

**Referansenr.:**

---

---

<b>RI05</b>	<b>Strekning/stad:</b>	E 39, kryss med Lonsvegen
	<b>Grunngjeving:</b>	Venstresvingande trafikk frå E 39 hindrar trafikkflyt på E 39.
	<b>Tiltak:</b>	Venstresvingefelt på E 39.
	<b>Ref.nr. førre plan:</b>	115

---

### *Nye tiltak*

#### **Referansenr.:**

---

<b>RI06</b>	<b>Strekning/stad:</b>	E39 – Overgang frå gangveg til Stallane
	<b>Innspel:</b>	Må krysse E-39 for å komme til gangfelt eller g/s veg. Behov for fortau eller g/s-veg og undergang slik reguleringsplan viser.
	<b>Grunngjeving:</b>	Mange kryssar her for raskaste veg til kyrkje, idrettsanlegg, skule og fortau vidare til sentrum.
	<b>Tiltak:</b>	Må sjåast i samanheng med ny E39 gjennom Knarvik.
	<b>Planar:</b>	Ligg på reguleringsplan for Knarvik - Knarvik sentrum – områdeplan Knarvik sentrum (del av) med utviding mot aust

---

<b>RI07</b>	<b>Strekning/stad:</b>	E39 – Kryss til Leknes
	<b>Innspel:</b>	For kort strekning for å seinke fart før avkøyring. Farlege forbikøyringar i sving.
	<b>Grunngjeving:</b>	Busslomma vert brukt som avkøyringsfelt. Skapar farlege situasjonar i krysset og stygge forbikøyringar i sving.
	<b>Tiltak:</b>	Vurdere krysset. Flytte busslomma til motsett side av kryss Utforme «gammal» busslomme til avkøyringsfelt.
	<b>Planar:</b>	

---

## Veglys

### Stader langs E-39 som er prioritert belyst i løpet av 2017:

- |               |            |                 |            |
|---------------|------------|-----------------|------------|
| ✓ Sauvågen    | ✓ Bjørsvik | ✓ Litle Eikefet | ✓ Vikanes  |
| ✓ Eikangervåg | ✓ Andås    | ✓ Utnes         | ✓ Vikasund |
| ✓ Ostereidet  | ✓ Eikefet  | ✓ Midtnes       |            |

### 4.3.1 Driftstiltak

#### Tiltak vidareført frå førre plan

##### Referansenr.:

RD01	<b>Strekning/stad:</b>	Gangfelt i kryss E39 – Kvassnesvegen v/Shell
	<b>Grunngjeving:</b>	Uoversiktleg kryssing for fotgjengarar. Må sjåast i samanheng med utbygging av andre kryss på strekninga. Kortsiktige tiltak er aktuelle, desse må vurderast.
	<b>Tiltak:</b>	Vurdere situasjonen nærare. Kva alternativ har ein for å betre situasjonen i gangfeltet?
	<b>Planar:</b>	
	<b>Ref.nr. førre plan:</b>	101
RD02	<b>Strekning/stad:</b>	E 39, kryss til Ostereidet senter
	<b>Grunngjeving:</b>	Tette kryss og rotete trafikkbilete. Vanskeleg situasjon for alle trafikantar.
	<b>Midlertidig tiltak:</b>	Merke for å synleggjere trafikkbildet og betre flyten i og mellom kryssa.
	<b>Planar:</b>	Områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum - oppstartsmøte mars 2015.
	<b>Ref.nr. førre plan:</b>	114

## 5.3 Forslag til tiltak på fylkesvegnettet

Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for fylkesvegane i Hordaland. Dei set med midlane for å få gjennomført tiltak på desse vegane. Det er pr. 01.01.2016 ca. 206 km med fylkesvegar i Lindås kommune.

### 5.3.1 Investeringstiltak

#### Store og viktige vegprosjekt

Referansenr.:

---

FI01

- Strekning/stad:** Fv 404 Skarsvegen frå Alversund og utover
- Grunngjeving:** Mange innspel på dette strekket.  
Viktig å oppretthalde fokus på strekninga og samlar ulike deltiltak i eiga gruppe.
- Tiltak:** Setje i gang arbeid ut frå reguleringsplan Parsell Kvamme.  
Ha fokus på og ikkje gi dispensasjon for rekkefylgjekrav ved nye utbyggingar.
- Deltiltak:**
- Vurdere veglys på strekninga Kvamme - ytre Fosse
  - Gang- og sykkelveg/fortau på strekninga.  
Forlengje eksisterande utover for å dekke 4km-sona.
  - Spesielle problempunkt:
    - Utbetre strekninga frå toppen av «Kvamsbrekko» ned til «gamlebutikken»
    - Utbetre sving etter bautastein etter ungdomshuset.
    - Utbetre strekninga frå bedehuset til indre Fosse
  - Vurdere rekkverk på strekningar med låge kantmurar for å hindre utforkøyringar.
  - Betre busstopp ved bedehuset på indre Fosse
  - Utbetre kryss på Tofting, vegkryss mot Lygra.  
Midlertidig sett opp skilt med varsel om uoversiktleg kryss 2016.
  - Vurdere forlenging av 40-sona til der gang- og sykkelveg byter side på Tveiten
- Planar:** Reguleringsplan: Fv 404 Parsell Kvamme – til kryss ved veg til Fossevatnet.
- Ref.nr. førre plan:** 215 og 228
-

## Referansenr.:

---

<b>FI02</b>	<b>Strekning/stad:</b>	Fv 401 - Kleivane
	<b>Grunngjeving:</b>	Skuleveg. Stor trafikk, smal veg. Vanskelege terrengtilhøve.
	<b>Tiltak:</b>	Vegutviding med fortau eller gang- og sykkelveg
	<b>Deltiltak:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vurdere jamn vegbelysning på strekninga frå kryss fv 402 til avkøyring byggefelt Solbakken</li><li>• Gang- og sykkelveg eller fortau.</li><li>• Rassikring</li></ul>
<b>Ref.nr. førre plan:</b>	229	

---

<b>FI03</b>	<b>Strekning/stad:</b>	Fv 402 Lurevegen
	<b>Grunngjeving:</b>	Smal og stygg vegstrekning. Skuleveg.
	<b>Tiltak:</b>	Utbetring av strekninga.
	<b>Deltiltak:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Strekningsvise utbetringar - frå Strilatun og utover til kryss fv 404.</li><li>• Gang- og sykkelveg/fortau frå fv57 til Seim skule</li><li>• Forlenge fortau frå barnehagen til Strilatun.</li><li>• Tilbod til mjuke trafikantar på strekninga.</li></ul>
<b>Delvis utført:</b>	Siktutbetring i kurve ved Stokke bru - utført haust 2016.	
<b>Rapport:</b>	Rapport over punktvis utbetringar på fv 402 utarbeida i 2011.	
<b>Ref.nr. førre plan:</b>	231	

---

<b>FI04</b>	<b>Strekning/stad:</b>	Fv 391 Leknesvegen - frå Kleivdalsvegen til Apalen kappell
	<b>Grunngjeving:</b>	Skuleveg. Planar om utbygging av nye bustadfelt Smal veg, omkøyringsveg for E39 Vanskelege terrengtilhøve
	<b>Tiltak:</b>	Vegutviding med fortau eller gang- og sykkelveg
	<b>Planar:</b>	Helleåsen (2011)

---

*Tiltak vidareført frå førre plan***Referansenr.:** |

---

<b>FI05</b>	<b>Strekning/stad:</b>	Fv 393, Eidsnesbakken
	<b>Grunngjeving:</b>	Trong sving i botn av bakken.
	<b>Tiltak:</b>	Utvide sving
	<b>Delvis utført:</b>	Forsøkt utbetra i 2015. Får ikkje grunn frå grunneigar til utviding.
	<b>Planar:</b>	Må utarbeidast plan for området.
<b>Ref.nr. førre plan:</b>	211	

---

<b>FI06</b>	<b>Strekning/stad:</b>	Fv 394, Rødland v/utsikten
	<b>Grunngjeving:</b>	Trong sving med dårleg sikt.
	<b>Tiltak:</b>	Fjerne bergnabb i grøft og utvide vegbana i svak høgresving.
	<b>Ref.nr. førre plan:</b>	212

---

<b>FI07</b>	<b>Strekning/stad:</b>	Fv 394, Storesvingen ved avkøyring til Nesbø
	<b>Grunngjeving:</b>	Smal sving.
	<b>Tiltak:</b>	Utvide svingen.
	<b>Ref.nr. førre plan:</b>	213

---

<b>FI08</b>	<b>Strekning/stad:</b>	Fv 394, Lindsdalen
	<b>Grunngjeving:</b>	Trongt kryss med dårleg sikt.
	<b>Tiltak:</b>	Sprengje vekk fjellknaus som tek sikt for køyrande til Ostereidet senter.
	<b>Planar:</b>	Pågår områderuleringsplan for Ostereidet sentrum - starta 2015
	<b>Ref.nr. førre plan:</b>	214

---

**Referansenr.:** |

---

**FI09**

**Strekning/stad:** Fv 57, avkøyring til Seim, ved Vatne  
**Grunngjeving:** Høg fart. Viktig busstopp for bebuarar på Seim.  
Lite tilrettelagt undergang gjer at dei fleste kryssar over vegen.  
**Tiltak:** Bygge om krysset, slik det ligg inne i gjeldande reguleringsplan.  
**Delvis utført:** Lys i undergang reparert i 2016.  
**Planar:** Reg.plan: Rv 57 Espeland-Herland (2004) - Ekspropriasjonsrett fell bort.  
**Ref.nr. førre plan:** 217

---

**FI10**

**Strekning/stad:** Fv 565, Hilland – Remme  
**Grunngjeving:** Utrygg skuleveg.  
Manglande tilbod for mjuke trafikantar, dårlege busslommer.  
**Tiltak:** Gang- og sykkelveg og planskilt kryssing etter Reg. Plan  
**Delvis utført:**  
**Planar:** Rv 565 Hilland Alver straumen (1999) - Ekspropriasjonsrett fell bort.  
**Ref.nr. førre plan:** 223

---

**FI11**

**Strekning/stad:** FFV 565, Alversund brua  
**Grunngjeving:** Utrygg skuleveg pga. lågt rekkverk på brua.  
**Tiltak:** Høgare brurekkverk  
**Ref.nr. førre plan:** 225

---

---

**Referansenr.:** |**FI12**

**Strekning/stad:** Fv 565, Alversundbrua - innkøyring til Hilland  
**Grunngjeving:** Smalt fortau utan skilje mot køyreveg.  
Plassproblem gjer at ein må sjå på alternative løysingar for gang- og sykkelveg.  
**Tiltak:** Vurdere rekkverk mellom køyreveg og fortau og alternativ løysing for mjuke trafikantar.  
**Planar:**  
**Ref.nr. førre plan:** 226

---

**FI13**

**Strekning/stad:** Fv 402, Seim sentrum  
**Grunngjeving:** Kaotisk område rundt skule og barnehage.  
Manglande tilbod til mjuke trafikantar.  
**Tiltak:** Gang- og sykkelveg frå Strilatun og forbi Seimstrand.  
Utbetre området rundt skule/barnehage.  
**Delvis utført:** Deler av strekninga har fått fortau og fartsdempande tiltak.  
**Planar:** Seim skule med utbetring av Fv 402 (2012)  
**Ref.nr. førre plan:** 230

---

**FI14**

**Strekning/stad:** Fv 415, gamle Lindås vegkryss  
**Grunngjeving:** Uoversiktleg kryss. Treng heilskapleg plan for kryssområdet.  
**Tiltak:** Oppstramming av krysset, vurdering av gangsystemet og plassering av gangfelt.  
**Delvis utført:**  
**Planar:** Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad. Rundkøyring regulert inn (2001)  
**Ref.nr. førre plan:** 232

---



---

**Referansenr.:** |

---

**FI15**

**Strekning/stad:** Fv 395 - Hindenesvegen-Bjørge  
**Grunngjeving:** Smal og dårleg veg.  
**Tiltak:** Utbetring av vegen, delvis omlegging.  
**Planar:** Deler av strekninga. Fv. 395 Bjørndal - Hindenes, Parsell Vatshelle (2001) - Ekspropriasjonsrett fell bort.  
**Ref.nr. førre plan:** 236

---

**FI16**

**Strekning/stad:** Fv 397, E 39 - Eikanger  
**Grunngjeving:** Smal veg med høg trafikk.  
**Tiltak:** Fortau og møteplassar  
**Planar:**  
**Ref.nr. førre plan:** 237

---

**FI17**

**Strekning/stad:** Fv 391, Mundal - Hillesvåg  
**Grunngjeving:** Vegen har dårleg standard og er stykkevis svært smal.  
Eit parti med laust betongrekkverk over eit bustadhus står utsatt til.  
**Tiltak:** Fortau og utbetring av vegen.  
**Delvis utført:** Fortau på deler av strekninga.  
Veglys  
Fartsdempande tiltak på strekninga  
**Planar:**  
**Ref.nr. førre plan:** 239

---

---

**Referansenr.:** |**FI18**

**Strekning/stad:** Området rundt Ostereidet senter  
**Grunngjeving:** Kort avstand mellom kryss og rotete trafikkbilete. Vanskeleg situasjon for alle trafikantar.  
**Tiltak:** Reguleringsplan for betring av trafikksituasjonen.  
**Planar:** Pågår områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum - starta 2015  
**Ref.nr. førre plan:** 240

---

**FI19**

**Strekning/stad:** Fv 394, Lindsdalen  
**Grunngjeving:** Smal og uoversiktleg veg, manglar fortau.  
Trongt kryss for bussar.  
**Tiltak:** Vegutbetring med fortau.  
Utvida krysset.  
**Planar:** Pågår områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum - starta 2015  
**Ref.nr. førre plan:** 241

---

**FI20**

**Strekning/stad:** Ostereidet ungdomsskule - Gamlevegen til Eknes  
**Grunngjeving:** Dårlig vegstandard.  
**Tiltak:** Vegutbetring med fortau.  
Utvida krysset.  
**Planar:** Pågår områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum - starta 2015  
**Ref.nr. førre plan:** 242

---

---

**Referansenr.:** |**FI21****Strekning/stad:** Fv 397, Kløvebrekka**Grunngjeving:** Dårlig vegstandard.**Tiltak:** Strekningsvis utbetring av vegen.

Breiare veg, gang-/sykkelveg.

Sjekk moglegheit for å lage gamle fylkesvegen frå Vangen og opp til butikken om til gangveg

**Ref.nr. førre plan:** 243

---

**FI22****Strekning/stad:** Fv 397, Jordal - Myking**Grunngjeving:** Uferdig gang- og sykkelveg.**Kommentar:**

Dette er ikkje påbegynt gang- og sykkelveg. Sidearealet vart utvida og grusa veg legging av ny vassleidning.

**Tiltak:** Legge asfaltdekke på gang- og sykkelveg og rekkverk mot vegen.**Ref.nr. førre plan:** 246

---

**FI23****Strekning/stad:** Fv 399, Myking - Skauge**Grunngjeving:** Stadvis smal veg. Dårlig dekke. Mykje gjennomgangstrafikk.**Tiltak:** Strekningsvis utbetring.**Ref.nr. førre plan:** 247

---

*Nye tiltak*

---

**Referansenr.:** |**FI24****Strekning/stad:** Fv 394 Ostereidet - Nesbø**Grunngjeving:** Nedrivne stabbesteinar etter brøyting og legging asfalt. Behov for sikring av vegkant der høge murar/skråningar utfor vegen. Verst strekninga Rødland-Gjelsvik. Smal veg og store køyrety tek heile vegbana. Fare for at mjuke trafikkantar dett eller sykklar utanfor, spesielt i mørket.**Tiltak:** Vurdere strekninga og utbetre utsette delar av strekninga.

**Veglys****Referansenr.:** |

---

<b>FI25</b>	<b>Strekning/stad:</b> Fv 397, Vangen - Bjørnevollkrysset <b>Grunngjeving:</b> Skuleveg. <b>Tiltak:</b> Veglys på strekninga <b>Delvis utført:</b> <b>Planar:</b> <b>Ref.nr. førre plan:</b>
<b>FI26</b>	<b>Strekning/stad:</b> Fv 401, Kleivane mot Rydland <b>Grunngjeving:</b> Skuleveg og del av mykje brukt turløype (Kleivane (Seimsstarnda) - Seimsleitet - Lurevegen). <b>Tiltak:</b> Veglys på strekninga frå kryss fv401/402 til avkøyring til Sollia
<b>FI27</b>	<b>Strekning/stad:</b> Fv 394 Ostereidet - Nesbø <b>Grunngjeving:</b> Smal veg og store køyreyte tek heile vegbana. Fare for at mjuke trafikkantar dett eller sykklar utanfor, spesielt i mørket. <b>Tiltak:</b> Vurdere veglys på delar av strekninga

---

### 5.3.2 Driftstiltak

#### *Tiltak vidareført frå førre plan*

Referansenr.:

---

**FD01**

**Strekning/stad:** Fv 397, Myking - Jordal  
**Grunngjeving:** Manglande tilbod til mjuke trafikantar. Treng strakstiltak som midlertidig løysing.  
**Tiltak:** Vurdera redusert fart i heile skuletida. (730-1500)  
**Delvis utført:** Fartshumpar etablert og redusert fart inn mot krysset fv397 og fv399  
**Ref.nr. førre plan:** 204

---

**FD02**

**Strekning/stad:** Fv 402, Seimstrand  
**Grunngjeving:** Uoversiktleg parkering rett ut i hovudvegen.  
**Tiltak:** Stenge parkering framfor Seimstrand. Dersom fysisk avstenging blir vurdert, vil denne gå inn under investering.  
**Ref.nr. førre plan:** 210

---

**FD04**

**Strekning/stad:** Området rundt Ostereidet senter  
**Grunngjeving:** Kort avstand mellom kryss og rotete trafikkbilete. Vanskeleg situasjon for alle trafikantar.  
**Tiltak:** Betre vegmerking av kryssa i påvente av reguleringsplan  
**Planar:** Pågår områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum - starta 2015  
**Ref.nr. førre plan:** 240

---

---

**Referansenr.:** |**FD05**

**Strekning/stad:** Fv 397, Haugsdalen  
**Grunngjeving:** Høg fart, skuleveg  
**Tiltak:** Redusert fartsgrense  
**Ref.nr. førre plan:** 245

---

**Nye tiltak**

---

**Referansenr.:** |**FD06**

**Strekning/stad:** Fg 565, Gang og- sykkelveg langs fv 565 Alverflaten  
**Grunngjeving:** Gang- og sykkelveg vert brukt som snarveg for biltrafikk til Alver hotell.  
Opning for landbruksavkøyrsløse.  
**Tiltak:** Vurdere mogelegheit for trafikkregulering langs gang- og sykkelveg

---

**FD06**

**Strekning/stad:** Fv 57, Våge/Vågseidet  
**Grunngjeving:** Våge/Vågseidet der turløypa går til Skausnøyi vert busstoppa på begge sider av fylkesveg 57 nytta som parkering av turgåarar. Det fører til at det ikkje er fri sikt og U-svingar rett ut i 80-sona.  
**Tiltak:** Leggje til rette for parkeringsplass for turgåarar.  
Sørgje for at parkering kjem med i pågåande reguleringsplan.  
**Planar:** Fv 57 - gang-/sykkelveg Skodvin – Vågseidet (pågår)

---

## 5.4 Forslag til tiltak på kommunevegnettet

Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for kommunevegane i Hordaland. Dei set med midlane for å få gjennomført tiltak på desse vegane. Det er pr. 01.01.2016 215km med kommunevegar i Lindås kommune.

### 5.4.1 Investeringstiltak

#### *Tiltak vidareført frå førre plan*

---

**Referansenr.:**

---

<b>KI01</b>	<b>Strekning/stad:</b> Område rundt Leiknes skule <b>Grunngjeving:</b> Skuletiltak må prioriteras <b>Tiltak:</b> Ny tilkomst parkering Busstopp Av- og påstigningsplass for born <b>Ref.nr. førre plan:</b> 313
<b>KI02</b>	<b>Strekning/stad:</b> Leknes <b>Grunngjeving:</b> Utvikling av området må vurderast i samanheng med kommuneplan <b>Tiltak:</b> Områdeutvikling og analyse <b>Ref.nr. førre plan:</b> 314
<b>KI03</b>	<b>Strekning/stad:</b> Laberget - Ostereidet <b>Grunngjeving:</b> Uoversiktleg og smal vegstrekning. Manglar møteplassar. <b>Tiltak:</b> Vegutbetring. Utarbeide plan for heile strekninga. <b>Ref.nr. førre plan:</b> 315

---



---

**Referansenr.:** |

- 
- |             |                            |  |
|-------------|----------------------------|--|
| <b>KI04</b> | <b>Strekning/stad:</b>     | Alvermarka / Brørakastet                             |
|             | <b>Grunngjeving:</b>       | Dårleg avslutning av gangveg midt i sving.           |
|             | <b>Tiltak:</b>             | Forlenge gangveg forbi sving.<br>Betre sikt i sving. |
|             | <b>Ref.nr. førre plan:</b> | 317  |
- 
- |             |                            |   |
|-------------|----------------------------|---|
| <b>KI05</b> | <b>Strekning/stad:</b>     | Sti mellom P-plass for Lindås ungdomskule og Lindås kyrkje. |
|             | <b>Grunngjeving:</b>       | Viktig snarveg.   |
|             | <b>Tiltak:</b>             | Oppgradere sti med asfaltdekke                              |
|             | <b>Ref.nr. førre plan:</b> | 318   |
- 
- |                            |                        |   |
|----------------------------|------------------------|---|
| <b>KI06</b>                | <b>Strekning/stad:</b> | Kv 1213, Ørnnova - Veg mellom kyrkja og skulane på Ostereidet |
|                            | <b>Grunngjeving:</b>   | Skuleveg.<br>Manglande tilbod til mjuke trafikantar           |
|                            | <b>Tiltak:</b>         | Fortau på strekninga (ikkje på reguleringsplan)               |
|                            | <b>Planar:</b>         | Område B4. Del av gnr.233 bnr. 6 og7 (1985)                   |
| <b>Ref.nr. førre plan:</b> | 320                    |   |
- 
- |             |                            |  |
|-------------|----------------------------|--|
| <b>KI07</b> | <b>Strekning/stad:</b>     | Ostereidet ungdomsskule - Storsetvegen |
|             | <b>Grunngjeving:</b>       | Smal, svingete, mørklagt veg.          |
|             | <b>Tiltak:</b>             | Tilbod til mjuke trafikkantar          |
|             | <b>Ref.nr. førre plan:</b> | 321                                    |
-

---

**Referansenr.:** |

---

**KI08**

**Strekning/stad:**  
**Grunngjeving:** Smal og bratt veg. Bussane kjem ikkje alltid opp  
**Tiltak:** Vegutbetring  
**Delvis utført:** Utviding av to svingar utvida for ein del år sida  
**Ref.nr. førre plan:** 322

---

**KI09**

**Strekning/stad:** Juvikstølen/Lonsvegen  
**Grunngjeving:** Sikre mjuke trafikkantar i skule/fritidsområde frå gymnaskrysset mot Lonsvegen. Flytta etter framlegg frå politisk hald ved slutt-handsaming i Kommunestyret.  
**Tiltak:** Sikre overgang v/Knarvik ungdomskule.  
**Delvis utført:** Heva kryss for ein del år sida  
**Planar:** Knarvik Sentrale deler  
**Ref.nr. førre plan:** 307

---

**Nye tiltak**

Referansenr.:	
KI10	<p><b>Strekning/stad:</b> Kv1001, Alvervegen</p> <p><b>Grunngjeving:</b> Skuleveg</p> <p><b>Tiltak:</b> Vurdere fortau langs kommunal veg frå gang- og sykkelveg ved oppkøyring til Alver hotell, langs kommunal veg til gang- og sykkelveg mot undergang fv565 ved Nordhordland kristne skule.</p> <p><b>Planar:</b></p>
KI11	<p><b>Strekning/stad:</b> Kv 134, kryss nedre Totland (fv 393)</p> <p><b>Grunngjeving:</b> Svært dårlege siktforhold i krysset</p> <p><b>Tiltak:</b> Siktutbetring og vurdere stenging av avkøyring mot E39.</p>
KI12	<p><b>Strekning/stad:</b> KV1023, kryss Kvassnesvegen HP02 / HP06</p> <p><b>Grunngjeving:</b> Vidt kryss , vanskeleg krysspunkt for gåande. Dårleg løysing for mjuke trafikkantar på begge vegane. Knarvikplanen regulert fortau langs HP06 på motsett side og</p> <p><b>Tiltak:</b> Vurdere å etablere fortau på motsett side av dagens på HP06 og vidareføre dette opp langs HP02 slik det er skissert i Knarvik sentrum – områdeplan.</p> <p><b>Planar:</b> Knarvik sentrum - områdeplan</p>
KI13	<p><b>Strekning/stad:</b> KV1046, Kvernhusmyrane HP02</p> <p><b>Grunngjeving:</b> Vanskelig overgang mellom parkeringshus Knarvik senter og veg opp til Knarvik barneskule.</p> <p><b>Tiltak:</b> Vurdere gangmønster og sjå på tiltak ut frå kva ein kjem fram til</p>

## Referansenr.:

---

<b>KI14</b>	<b>Strekning/stad:</b> KV1046, Kvernhusmyrane HP01 <b>Grunngjeving:</b> Vanskeleg kryssing, særskilt for personar med nedsett funksjonsevne <b>Tiltak:</b> Prosjekt for å få sjå på heile kryssutforminga og forholda for mjuke trafikkantar. <b>Planar:</b> Ny løysing er og skissert i Knarvikplanen
<b>KI15</b>	<b>Strekning/stad:</b> KV1110, Fyllingsnesvegen <b>Grunngjeving:</b> Smal veg, få møteplassar, dårleg sikt og dårlege vegskuldrar Tiltak kan på sikt fjerne særleg farleg skuleveg. <b>Tiltak:</b> Siktutbetring, fleire møteplassar utvide grøfteareal med vegskuldrar.
<b>KI16</b>	<b>Strekning/stad:</b> Kv , Eidavegen - frå kryss til Dyrhovden til rundkøyringa ved ungdomsskulen <b>Grunngjeving:</b> Skuleveg. Mørk, smal og dårleg sikt <b>Tiltak:</b> Fortau
<b>KI17</b>	<b>Strekning/stad:</b> Ikenberget bustadfelt <b>Grunngjeving:</b> Ynskje om fortau og fleire fartshumpar i bustadfeltet <b>Tiltak:</b> Utføre trafikktejing og fartsmåling og vurdere fortau og fartsdempande tiltak ut i frå resultatet.
<b>KI18</b>	<b>Strekning/stad:</b> Kv 1000, Alvermarka <b>Grunngjeving:</b> Fotgjengarfelt ligg tett i kryss mot fv 565 Alverflaten. <b>Tiltak:</b> Sjå på utforminga i krysset og vurdere om hensiktsmessig å flytte av fotgjengarfelt.

---

**Veglys****Referansenr.:**

---

<b>KI19</b>	<b>Strekning/stad:</b> Kv 92/1169, Gamlevegen til Kløve og Reikeråsvegen <b>Grunngjeving:</b> Skuleveg og del av mykje brukt turløype. Ta med strekninga langs fylkesvegen, frå byggefeltet på Fammestad til Reikeråsvegen, heile Reikeråsvegen og gamlevegen til Kløvheim skule. <b>Tiltak:</b> Veglys på strekninga
<b>KI20</b>	<b>Strekning/stad:</b> KV 1110, Fyllingsnesvegen <b>Grunngjeving:</b> Skuleveg. Mørk og smal veg. <b>Tiltak:</b> Veglys rundt Fyllingsnes
<b>KI21</b>	<b>Strekning/stad:</b> Kv 1098, Eidavegen - frå kryss til Dyrhovden til rundkøyringa ved ungdomsskulen <b>Grunngjeving:</b> Skuleveg. Mørk, smal og dårleg sikt <b>Tiltak:</b> Veglys på strekninga
<b>KI22</b>	<b>Strekning/stad:</b> Kv , Seimsleitet <b>Grunngjeving:</b> Del av mykje brukt turløype <b>Tiltak:</b> Veglys på strekninga
<b>KI23</b>	<b>Strekning/stad:</b> Sti mellom P-plass for Lindås ungdomskule og Lindås kyrkje. <b>Grunngjeving:</b> Viktig snarveg. <b>Tiltak:</b> Belysning sti/gangveg

---

#### 5.4.2 Driftstiltak

For kommunale vegar er det ingen tiltak som sorterer under drift.

Alle innspel til denne planen for tiltak på kommunalveg, har vore investeringstiltak.

Innspel som er tatt med frå førre plan ligg òg under investering.

Dette synleggjer at ein har store utfordringar framover med å trafikksikre vegnettet i kommunen.

## 5.5 Område kor det er behov for eigne områdeplanar for trafikksikring

I fleire av skulekrinsane er utfordringane for trafikantane samansett. Kombinasjon av tett trafikk og kompliserte reguleringar gjer at særleg mjuke trafikantar kjenner seg utrygge. Det er rett nok kome mange gode innspel i samband med trafikksikringsplanen, men desse innspela dekkjer ofte ikkje alle problemstillingane, eller heile området i ein skulekrins.

Vi foreslår difor at det blir utarbeidd eigne områdeplanar for trafikksikring i dei mest kompliserte/trafikkerte skulekrinsane. Ved å sjå på eit heilt område, vil det vera lettare å få ein samla oversikt over trafikksikringsutfordringane. Ein vil då betre kunna sjå samanhangen mellom tiltaka og også sikra meir einsarta tiltak. I tillegg til fagfolk frå kommune, Statens vegvesen, fylkeskommunen og politiet, skjer utarbeidinga i tett dialog med skulane.

Slike områdeplanar har ein gode erfaringar med i Bergen kommune.

Områda lista her vert og omtala som tiltak i kap. 5.6.1 Tiltak med ansvar, punkt Lindås kommune – andre tiltak.

Innspela lista opp i kap. 5.5.1 kjem frå innspel til kommunedelplan for trafikksikring og skal tas med, i tillegg til nye og tidlegare innspel, under utarbeiding av områdeplan for trafikksikring for aktuelt område.

### *Område*

- ✓ **Leknes skulekrins**
- ✓ **Ostereidet skulekrins**
- ✓ **Lonsvegen**
- ✓ **Lindås skulekrins**
- ✓ **Alversund skulekrins**
- ✓ **Knarvik skulekrins**

### 5.5.1 Innspel som skal med til områdeplan for trafikksikring

Referansenr.:

---

<b>OTS01</b>	<b>Skulekrins:</b>	Leknes skulekrins
	<b>Innspel:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ny tilkomst skuleparkering, busstopp samt av-/påstigningsplass for born.</li><li>• Veglys - Langt mellom lysa på nordsida av skulen.</li><li>• Kombinert trasé for trimløype og sikker skuleveg</li><li>• Lys langs gangveg som kom for nokre år sida</li><li>• Veg frå busstopp fv 391 og inn til skulen (gammal tilkomst) og Storneset Manglar belysning, veg og busstopp, smalt.</li><li>• Ynskje om heilheitsplan for Leknes</li><li>• Utbygging av nye bustadfelt</li><li>• Fortau og belysning på skulevegane</li></ul>

---

<b>OTS02</b>	<b>Skulekrins:</b>	Lindås skulekrins
	<b>Innspel:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Fleire innspel ang. krysset mellom kyrkja og fv</li><li>• Rundkøyringa og av- og påstiging ved denne.</li><li>• Buss flytta til Lindåshallen</li></ul>

---

<b>OTS03</b>	<b>Skulekrins:</b>	Alversund skulekrins
	<b>Innspel:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utbygging i av nye bustadfelt</li><li>• Ny Alversund skule under planlegging</li><li>•</li></ul>

---



---

**Referansenr.:** |

- 
- |              |  |
|--------------|--|
| <b>OTS04</b> | <b>Skulekrins:</b> Ostereidet skulekrins   |
|              | <b>Innspel:</b>  |
|              | <ul style="list-style-type: none"><li>• Smalt og mørke vegar inn mot skuleområdet</li><li>• Manglar fortau mange stader</li><li>• Fortau frå senteret og ned til eksisterande fortau i Eidavegen mot skulen, med vegbelysning</li><li>• Mjuke trafikkantar og trafikk i rundkøyringa ved ungdomskulen - bussar</li></ul> |
- 

- |              |   |
|--------------|---|
| <b>OTS05</b> | <b>Skulekrins:</b> Knarvik skulekrins   |
|              | <b>Innspel:</b>   |
|              | <ul style="list-style-type: none"><li>• Av- og påstigning ved skulen</li><li>• Overgang frå senterparkering til barneskulen</li></ul> |
- 

- |              |  |
|--------------|--|
| <b>OTS06</b> | <b>Område:</b> Lonsvegen   |
|              | <b>Innspel:</b>  |
|              | <ul style="list-style-type: none"><li>• Høg fart</li><li>• Mykje trafikk, idrettsanlegg, skular og turløyper</li><li>• Legge til rette for fleire overgangar</li><li>• Ny Knarvik barneskule under planlegging</li></ul> |
-

## 5.6 Tiltak frå analyserapport om særleg farleg skuleveg

Tiltakslista i dette kapittelet er henta rett ut frå analyserapport for særleg farleg skuleveg.

Sjølve rapporten ligg som vedlegg 1 til kommunedelplan for trafikksikring.

Prosjektet med utarbeiding av analyserapporten er omtala i del 2, kap. 5.7.2.

Skulekrins	Vegnamn og nummer	Tiltak
Skular i Lindås Vest	Del av Fv. 565 Radøyvegen	Ved å byggje fortau på strekninga, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg»
	Del av Fv. 404 Skarsvegen	Ved å byggje fortau (eller gang- og sykkelveg) på strekninga, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».
Leknes	Del av Fv. 391 Leknesvegen	Ved å byggje fortau eller aller helst gang- og sykkelveg på strekninga, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».
	Del av E39 ved Munndal	Ved å byggje gang- og sykkelveg på nedsida av vegen, vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».
	Kv 1218 Hjelmås – Sauvågen	Ved å bygge fortau /gang- og sykkelveg vil ein kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».
Eikanger	Del av Kv 1110 Fyllingsnesvegen	Det ideelle hadde sjølvst vore fortau eller gang- og sykkelveg på heile strekninga. Då hadde sikten også vorte betre. Men det er truleg lågt fartsnivå på strekninga, samt mest lokaltrafikk, så utviding av grøfter og punktvis rydding for sikt ville truleg kunne ha fjerna markeringa særleg farleg/ vanskeleg skuleveg. Det hadde hjulpt å fjerne vegetasjon i fleire kurver, men nokre stader må det sprengast for å oppnå betre sikt.

Skulekrins	Vegnamn og nummer	Tiltak
	Punkt på Kv 1110 Fyllingsnesvegen nord	Brua er under arbeid i desse dagar og vil bli utbetra. Dersom ein sprenger vekk litt av knausen for å oppnå sikt (til høgre på bilete over) vil punktet truleg ikkje lenger vere vurdert som særleg farleg/ vanskeleg skuleveg.
	Del av E39 Osterfjordvegen	Langsgåande gang- og sykkelveg samt tilrettelagt planfri kryssing.
	Del av Fv. 393 Eidsnesvegen ved Eidsnesstraumen	Utvide brua og sikring med rekkverk. I tillegg siktutbetre i kurva ved å sprengje vekk knaus. Dette vil kunne fjerne markeringa «særleg farleg eller vanskeleg skuleveg».
Ostereidet skular	Fv. 393 Eidavegen	Det ideelle ville vore gang- og sykkelveg på heile strekninga. Det er eit kostbart tiltak. Markeringa særleg farleg/ vanskeleg skuleveg vil bli fjerna med etablering av skulder og grøft, samt ekstra utbetringar i kurver (sprenging) for sikt. Ein kan også vurdere fartsgrensa på strekninga.
	Del av Kv. 1098 Eidavegen	Vegen er nær skulen, og det ideelle ville vore fortau eller gang- og sykkelveg på strekninga. Markeringa særleg farleg/ vanskeleg skuleveg kan truleg også fjernast dersom det vert sprengt for sikt i dei to kurvene som er vist på bilete over, samt etablert grøfteprofil og skulder på strekninga.
	Del av Fv. 394 Stranda	Fv. 394 Stranda, ved Kvommo er delvis svært smal og har lite (ingen) sikt i enkelte kurver. Det er også liten/ inga grøft og vinterstid isblokker nedover fjellskjeringane (som også går delvis ut i vegen). På motsett side er det fleire stader låg murkant og høgt ned i bakkant av denne.
Seim skule	Del av Fv. 402 Lurevegen	Langsgåande gang- og sykkelveg er det beste tiltaket når fartsgrensa er 80 km/t. Det kunne vert utført fartsmålingar for å sjekke det faktiske fartsnivået på strekninga. Elles er det nødvendig med siktutbetringar i dei

Skulekrins	Vegnamn og nummer	Tiltak
		krappaste kurvene, samt breiddeutviding av vegen slik at det er plass på utsida av asfalten.
	Del av Fv. 401 Seimstranda	Etablere fortau eller gang- og sykkelveg er det beste tiltaket på strekninga. Vegen kunne også med fordel ha utvidast, samt rydding/ sprenging for sikt i kurver.
	Fv. 390 Vassbygdvegen	Gang- og sykkelveg på heile strekninga. Dette vil også betre siktilhøva i kurvene. Kun siktutbetring i kurvene er truleg ikkje nok til å fjerne vurderinga som særleg farleg / vanskeleg skuleveg.
Kløvheim skule	Del av Fv 397 Mykingvegen	Gang- og sykkelveg vil truleg kunne fjerne markeringa som særleg farleg / vanskeleg skuleveg.
	Punkt Kv 92	Punktet vil kunne få fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg dersom knausen vert sprengt vekk slik at ein oppnår tilfredsstillande sikt i punktet.
	Del av Kv 1169 Reikeråsvegen	Fortau på strekninga ville kunne fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg. Då ville også sikten på strekninga vorte betydeleg betre. Dette er det beste tiltaket. Markeringa kunne truleg også blitt fjerna med breiddeutviding av vegen samt etablering av grøfter (dette ville også gitt noko betre siktilhøve).
Myking skule	Del av Fv. 397 Mykingvegen (nord)	Ideelt sett er det ynskeleg med samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Dette ville truleg ha fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg.
	Del av Fv. 397 Mykingvegen (sør)	Ideelt sett er det ynskeleg med samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Dette ville truleg ha fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg.

Skulekrins	Vegnamn og nummer	Tiltak
	Del av Fv. 399 Skauvegen	Ideelt sett er det ynskeleg med samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Dette ville truleg ha fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg.
Skodvin montessorriskule	Delar av Fv. 57	Samanhengande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen kunne truleg ha fjerna markeringa særleg farleg / vanskeleg skuleveg.
	Del av Fv.390 Vassbygdvegen	Ideelt sett hadde det vore best med gang- og sykkelveg på heile strekninga då det er 80 km/t. Dette vil også verke positivt inn for betre sikt på strekninga, og særleg i kurvene.
Lindås barneskule og Lindås ungdomsskule	Del av Fv. 415 Veråsvegen	Ideelt sett hadde det vore best med gang- og sykkelveg på heile strekninga då det er 80 km/t. Dette vil også verke positivt inn for betre sikt på strekninga, og særleg i kurvene.
	Del av Fv. 57 Mongstadvegen	Langsgåande gang- og sykkelveg.

# **DEL 2**

## **HANDLINGSPLAN**

### **ANDRE TILTAK**

## 5.7 Innleiing – del 2

I dette kapittelet er fokuset lagt på korleis Lindås som trafikksikker kommune, kan bidra til det totale trafikktryggleiksbilete. Korleis Lindås kommune kan vere med på å påverke folk sine haldningar i trafikken på ein positiv måte.

Me tenkjer ofte på fysiske problem som til dømes fart, dårleg sikt, fysiske hindringar, kryssingspunkt og dårleg kantsikring i samband med fare i trafikken.

Men, vel så viktig er folk sine haldningar til korleis ein skal te seg, både som førar og fotgjengar.

Det er difor svært viktig å påverke seg sjølv og kvarandre med gode haldningar til korleis ein skal te seg når ein ferdast i trafikken.

Lindås kommune vart i 2016 godkjent som trafikksikker kommune.

Det er Trygg Trafikk som utarbeider kriteria for kva ein trafikksikker kommune er, og korleis kommunen bør jobbe for å oppretthalde status som trafikksikker kommune. Godkjenninga inneber ikkje fråvær av trafikkulykker, men den sikrar at kommunen arbeider langsiktig og systematisk med trafikktryggleik.

For å oppnå status som trafikksikker kommune er det utført mykje kartlegging og systematisk jobbing inn mot alle avdelingane i kommunen. For å sikre at arbeidet vert fylgt opp, har ein valt å knytte kriteria for trafikksikker kommune inn i den haldningsskapande delen av kommunedelplan for trafikksikring. Kriteria er lagt inn mot den einskilde avdeling og ansvaret er sett på øvste leiar eller avdelingsleiar. Måla som er sett opp er meint å skulle gjennomførast i løpet av denne planperioden.

Trygg Trafikk har no organisert arbeidet sitt på ein ny måte. Dei har gått frå å primært drive med utearbeid og operativ teneste til å vere meir konsekvent på å fungere som samarbeidspartar og pådrivar.

Det går i prinsippet ut på at det er dei lokale og regionale aktørar som sjølv må vere utførande.

Trygg Trafikk kan vere rettleiar i prosessane, ved å halde kurs, work shop, rettleiing og oppfylgjingsarbeid. For Lindås kommune sin del vil det sei at Trygg Trafikk sin distriktsleiar skal jobbe tett opp mot kommunen, særleg med tanke på Trafikksikker kommune.

Då Trygg Trafikk ikkje lenger er oppsøkjande og utøvande, er det skulane og barnehagane som må ta trafikkopplæringa frå kunnskapsløftet sjølv.

For å gi opplæring til borna på ein god måte, må lærarar og barnehagelærarar få kurs for å vere trygg på at trafikkopplæringa vert riktig og tilpassa dei rette alderstrinna.

Sjølv om kursa er gratis, vil det vere ein kostnad knytt til vikarutgifter. Det er difor viktig at det vert lagt til rette midlar for vikarutgifter til lærarar og barnehagelærarar slik at dei har høve til å gå på kurs i trafikkopplæring.

Det bør og tilkomme midlar til vedlikehald av trafikktryggleiksutstyr, eksempel er rullering av refleksvestar som etter vask svekker refleksbanda. På denne måten kan skule og barnehage følge opp krava som er sett for å kvalifisere Lindås kommune som trafikksikker kommune.

Det er og viktig at eventuelle midlar ikkje vert tekne frå det fastsette budsjettet til opplæringsinstitusjonane, men at det kjem som eit tillegg i økonomiplanen og må tildelast både kommunale og private aktørar.

---

Kapittel 5 del 2 inneheld ei oversikt over haldningsskapande tiltak, både interne tiltak og tiltak med oversikt over moglege samarbeidspartnarar for utføring.

Når det gjeld haldningsskapande arbeid i samarbeid med eksterne samarbeidspartnarar, er det viktig å få fram att tiltaka ikkje er vedtak på kva som skal utførast, men ein oversikt over dei tiltaka ein ynskjer å få utført i perioden planen gjeld. Det skal, dersom eit tiltak vert vedtatt gjennomført, gjerast ein bestilling frå Lindås kommune kor det vert utarbeida ein avtale med dei eksterne aktørane for gjennomføring.

Det er fleire lokale lag og organisasjonar som dei siste åra har ytt stor frivillig innsats til det haldningsskapande trafikksikringsarbeidet. Dette arbeidet består av alt frå mindre tiltak som til dømes refleksjakt og sykkelkampanjar til større kostnadskrevjande tiltak som det årlege russearrangementet. Det som er viktig her, er at det er den samla innsatsen av små og store tiltak som på sikt gir synlege resultat!

Lindås kommune ser på den frivillige innsatsen som nødvendig og positiv i det totale trafikksikringsarbeidet.



### 5.7.1 Tiltak med ansvar

## Lindås kommune som vegeigar:

**Ansvarleg:** Samfunnsutvikling og kommunalteknikk Ass. Rådmann

**Delansvarleg:** Einingsleiar veg og avdelingsleiar veg

**Mål:** Lindås kommune skal ha rutinar for prioritering av fysiske tiltak og gjennomføre tiltaka innanfor eksisterande økonomiske rammer.

**Tiltak:**

- ✓ Utarbeide prioriteringsliste for fysiske trafikktryggleikstiltak på kommunal- fylkes- og riksveg
- ✓ Ha skriftlege rutinar for snøbrøyting/snørydding/rydding av vegetasjon på skuleveg/kosting og vedlikehald på fortau og gang- og sykkelveg
- ✓ Oppdatert kommunedelplan for trafikksikring.

**Mål:** Lindås kommune skal ha rutinar for å kvalitetssikre reguleringsplanar i samband med trafikktryggleik.

**Tiltak:**

- ✓ Fagpersonell trafikk skal vere med i frå starten av ved oppdatering og etablering av nye reguleringsplanar.

**Mål:** Lindås kommune skal ha oversikt over og eventuelt søkje om statlege- og fylkeskommunale trafikksikringsmidlar.

**Tiltak:**

- ✓ Oversikt over kjende årlege søknader om midlar frå stat og fylkeskommune, med søknadsfrist.
- ✓ Utarbeide prosjektark for trafikksikringstiltak som kan nyttast i samband med søknad om tilskot.
- ✓ Vurdere å utarbeide tekniske planar, også på ufinansierte prosjekt.
- ✓ Sende ut informasjon til relevante kommunale instansansar, samt frivillige organisasjonar om statlege- og fylkeskommunale tilskotsordningar.

**Mål:** Lindås kommune skal ha rutinar for å kvalitetssikre trafikktryggleik i samband med anleggsverksemd i kommunal og privat regi.

**Tiltak:**

- ✓ Opprette mal for å utarbeide SHA-planar (sikkerhet-, helse- og arbeidsmiljøplan) i samband med større anleggsverksemd der Lindås kommune er byggherre.
- ✓ Kvalitetssikre at private aktørar som utfører arbeid i kommunal regi har godkjende rutinar for HMS.

**Mål:** Skape gode haldningar i trafikken blant innbygarane i kommunen.

**Tiltak:**

- ✓ Bruke nettsider og media aktivt for å spreie god haldning rundt trafikktryggleik.  
Eksempel:
  - Informasjon om klypping av hekk
  - Fartstavle ved skulestart og midlertidig fartsreduksjon

**Mål:** Opprette GIS-kart med oversikt over innspel og trafikksikringstiltak i Lindås kommune. Dette for informasjon til innbyggjarane og for bruk i framtidig analysearbeid.

**Tiltak:**

- ✓ Bruke Nordhordlandskartet, lage eige tema
- ✓ Implementere innspel
- ✓ Få inn ein oversikt på kartet over behov og planlagde tiltak retta mot trafikktryggleik.

**Mål:** Det skal opprettast eit kommunalt Trafikksikringsutval i Lindås kommune. Utvalet skal oppretthalde fokus på trafikksikringsarbeidet, blant anna oppfølging i samband med Trafikksikker kommune, gjennomgå tiltakslistar i trafikksikringsplan og vedta kva tiltak ein skal søkje fylkeskommunale midlar til på fysiske tiltak. Politisk representasjon vert sikra ved at forslag frå utvalet skal behandlast politisk.

**Tiltak:**

- ✓ Opprette eit kommunalt Trafikksikringsutval i Lindås kommune.
- ✓ Forslag til medlemmer:
  - 1 representant frå oppvekst-/skulesektor
  - 1 representant frå kommunalt foreldreutval (under etablering)
  - 1 representant frå vegavdelinga Lindås kommune
  - Koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging
  - 1 representant frå Nordhordland lensmannskontor
  - 1 representant frå Lindås og Meland brann og redning
  - 1 representant frå Statens vegvesen, distrikt Nordhordland

Representantar frå andre særavdelingar kan kallast inn ved behov.  
Det skal ved val oppnemnast leiar, nestleiar, sekretær og 1. vara.  
2 årlige møter, april og oktober. Årleg rapportering politisk.

## Lindås kommune som barnehageeigar:

**Ansvarleg:** Kommunalsjef oppvekst

**Delansvarleg:** Einingsleiar barnehage

**Mål:** Alle dei kommunale barnehagane skal oppfylle kriteria for «trafikksikker barnehage».

**Tiltak:**

- ✓ Lindås kommune skal utarbeide rutinar for å vedlikehalde kriteria som trafikksikker barnehage.
- ✓ Trafikk som jamleg tema i styrarmøter.

**Mål:** Alle private barnehagar i Lindås kommune skal oppfylle kriteria for «trafikksikker barnehage» i løpet av 2018.

**Tiltak:**

- ✓ Motivere dei private barnehagane til å delta på prosjektet «trafikksikker barnehage» og oppfylle kriteria.

**Mål:** Auka trafikkkompetanse blant dei tilsette i barnehagen.

**Tiltak:**

- ✓ Alle de kommunale, men og dei private barnehagane, skal kvart år sende minimum ein tilsett pr. barnehage på kompetansehevingskurs i regi av Trygg Trafikk.
- ✓ Årleg setje av øyremerka midlar til kompetanseheving, både til private og kommunale barnehagar. Det kan og søkjast om fylkeskommunale midlar.

**Mål:** Ha gode opplæringsverktøy mot barna.

**Tiltak:**

- ✓ Alle barnehagar skal ha trafikktryggleiksmateriell som kan brukast i opplæringsssamanheng.
- ✓ Årleg setje av øyremerka midlar til innkjøp av tafikksikringsmaterieill, både til private og kommunale barnehagar.
- ✓ Alle barnehagane i Lindås skal melde seg inn i nye barnas trafikkklubb

## Lindås kommune som skuleeigar:

**Ansvarleg:** Kommunalsjef oppvekst

**Delansvarleg:** Einingsleiar skule

**Mål:** Alle dei kommunale skulane skal oppfylle kriteria for «trafikksikker skule»

**Tiltak:**

- ✓ Lindås kommune skal utarbeide rutinar for å vedlikehalde kriteria som trafikksikker skule.
- ✓ Trafikk som jamleg tema i rektormøter

**Mål:** Alle private skular i Lindås kommune skal oppfylle kriteria for «trafikksikker skule» i løpet av 2018.

**Tiltak:**

- ✓ Motivere dei private skulane til å delta på prosjektet «trafikksikker skule» og oppfylle kriteria.

**Mål:** Lindås kommune skal ha rutinar for sikker skuleskyss/bussvett

**Tiltak:**

- ✓ Utarbeide rutinar for sikker skuleskyss/bussvett
- ✓ Etablere ein dialog om innføring av disse rutinane i alle skulebussar.
- ✓ Det skal ligge føre etiske og trafikktrygge krav ved kjøp av skuleskysstenester

**Mål:** Kompetanse innan trafikktryggleik barneskule.

**Tiltak:**

- ✓ Kompetansehevingskurs for lærarar i regi av Trygg Trafikk.
- ✓ Kompetanseheving for lærarar innan sykkelopplæring på mellomtrinnet.
- ✓ Årleg setje av øyremerka midlar til kompetanseheving, både til private og kommunale skular.

**Mål:** Kompetanse innan trafikktryggleik ungdomsskule.

**Tiltak:**

- ✓ Kompetansehevingskurs for lærarar i regi av Trygg Trafikk.
- ✓ Kompetanseheving for lærarar som undervisar i trafikk valfag.
- ✓ Årleg setje av øyremerka midlar til kompetanseheving, både til private og kommunale skular.

**Mål:** Auka bevisstgjerjing rund trafikktryggleik hjå borna.

**Tiltak:**

- ✓ Trafikktryggleikskampanjar (1.-7. trinn)  
Eksempel på kampanjar:
  - Reflekskampanje
  - Sykkelkampanje
  - «Gå til skulen» kampanje
- ✓ Årleg setje av øyremerka midlar til trafikktryggleiksmateriell

**Mål:** Auka bevisstgjerjing rund trafikktryggleik hjå ungdom.

**Tiltak:**

- ✓ Trafikktryggleikskampanjar (8.-10. trinn)  
Eksempel på kampanjar:
  - Reflekskampanje
  - Foredrag retta mot ungdom og trafikk (søkje fylkeskommunale midlar)
- ✓ Årleg setje av øyremerka midlar til premiar, foredragshaldarar etc.

## Lindås kommune som ansvarleg for innbyggjarane si helse og trivsel:

**Ansvarleg:** Sjå under kvart mål

**Delansvarleg:**

**Mål:** Helsestasjonane skal jobba systematisk med haldningar til trafikk, opp mot foreldregruppa.

**Ansvarleg:** Kommunalsjef helse og omsorg / Leiande helsesyster

**Tiltak:**

Helsestasjonane skal:

- ✓ Ha ei skriftleg oversikt over korleis helsestasjonane integrerer trafikktryggleik i arbeidet sitt.
- ✓ Jobbe aktivt opp mot foreldre med trafikkførebyggjande informasjon.

**Mål:** Lindås kommune skal ha ei oversikt over trafikkulykker og trafikkskadde.

**Ansvarleg:** Koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging

**Tiltak:**

- ✓ Kommunen skal årlig hente inn oversikta frå STRAKS-registeret til Statens vegvesen over trafikkulykker og trafikkskadde i kommune.

**Mål:** Frivillige lag og organisasjonar skal ha fokus på trafikktryggleik innan for si verksemd.

**Ansvarleg:** Kurltursjef / Samfunnsutvikling og kommunalteknikk / Koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging.

**Tiltak:**

- ✓ Stimulere lag og organisasjonar til å ha ei oppdatert reisepolicy
- ✓ Utarbeide felles rutinar for samkøyring til og frå ulike aktivitetar,... og hente/bringe-situasjon.
- ✓ Motivere lag og organisasjonar til å gjennomføra ulike kampanjar innan trafikktryggleik.

**Mål:** Alle fastlegar i Lindås skal vere kjent med trafikktryggleiksarbeidet i kommunen og ha god nok kunnskap om vegtrafikklova §34 og helsekrava til førarkort.

**Ansvarleg:** Kommuneoverlegen

**Tiltak:**

- ✓ Ta dette opp jevnleg på møter med legane i kommunen.

**Mål:** Tryggare forhold for syklende og gåande i Lindås kommune.

**Ansvarleg:** Koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging/avdelingsleiar veg

**Tiltak:**

- ✓ Få i gang arbeidet med sykkelstrategi i Lindås kommune.
- ✓ Overordna plan for samanhengande gang og sykkelvegssystem.
- ✓ Delta i sykkelby nettverket.
- ✓ Legge til rette for sykkelparkering og dusjfasilitetar

## Lindås kommune som arbeidsgjevar:

**Ansvarleg:** Rådmann i Lindås kommune

**Delansvarleg:** Sjå under kvart mål

**Mål:** God trafikksikker haldning blant tilsette i Lindås kommune

**Delansvarleg:** Avdelingsleiarane

**Tiltak:**

- ✓ Bevisstgjere dei tilsette i avdelingane på trafikksikkerhet når dei er i kommunal regi. (Fart, bilbelte, parkering etc....)
- ✓ Tema på samling for nyttilsette: Haldningar i trafikken, fokus på trafikktryggleik.
- ✓ Trafikktryggleik som tema på vernerundar/HMT-systemet
- ✓ Trafikktryggleik som årleg tema i arbeidsmiljøutvalet til kommunen.

**Mål:** Utarbeide retningslinjer for arbeids- og tenestereiser og tilsette som brukar motorisert kjøretøy i sitt daglege virke.

**Delansvarleg:** Avdelingsleiarane

**Tiltak:**

- ✓ Rådmannen sørgjer for å utarbeide felles retningslinjer for arbeids- og tenestereiser.
- ✓ Avdelingsleiarane skal implementere og gjere retningslinjene godt kjent i alle avdelingane i kommunen.
- ✓ Tilbod om trafikktryggingkurs (og førstehjelpkurs) for tilsette.

**Mål:** Få kommunalt tilsette i Lindås kommune til å bruke refleks

**Delansvarleg:** Koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging

**Tiltak:**

- ✓ Reflekskampanje kvar haust.

**Mål:** Trafikkførebyggjande tiltak ut mot innbyggjarane

**Delansvarleg:** Einingsleiar brannsjef

**Tiltak:**

- ✓ Ved kampanjar i regi av Lindås kommune skal Lindås og Meland brann og redning (LMBR) vere deltakande part.
- ✓ LMBR skal, ut frå lov og forskrift, driva aktivt trafikkførebyggjande arbeid mot innbyggjarane i kommunen og spesielt mot risiko utsette grupper. Dei utfører åleine, men og i samarbeid med andre aktørar.  
Årlege tiltak med trafikkførebyggjande arbeid:
  - Open brannstasjon, inkluderer trafikkførebyggjande arbeid.
  - Senterdagar, Frekhaug og Knarvik.
  - Bidragsytar på Russearrangement.
  - Utdanningsmessa.
  - Trafikksikkerhet med som tema ved undervisning i 1. og 6. klasse

---

**Mål:** Lindås kommune skal ha krav til aktører som leverer varer og andre transporttenester til kommunen om at tenestene skal vere trafikksikkert utført. Dette gjeld og ved bruk av anleggsmaskiner i kommunal regi.

**Delansvarleg:** Innkjøpssjef

**Tiltak:**

- ✓ Utarbeide rutinar og reglar for kjøp av transporttenester og leveransar av tenester til Lindås kommune. Kva ein forventar av leverandører av tenester.



## Lindås kommune – andre tiltak:

**Ansvarleg:** Rådmann i Lindås kommune

**Delansvarleg:** Sjå under kvart mål

**Mål:** Gjere barn og unge bevisst si trafikkåtferd i sitt nærområde.

**Delansvarleg:** Koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging i samarbeid med kommunalsjef oppvekst.

**Tiltak:**

- ✓ Alle skulane i kommunen skal ha gjennomført barnetråkk innan 2018.  
([www.barnetråkk.no](http://www.barnetråkk.no))  
Dette vil blant anna vere eit verktøy for skule, foreldre, trafikksikring og planarbeid.
- ✓ Implementere barnetråkk som ein del av undervisninga. Tverrfagleg prosjekt i norsk, matematikk, naturfag og samfunnsfag/geografi.

**Mål:** Betre bringe-/hentesituasjonen på grunnskulane i Lindås kommune. Frist, innan gjeldande periode for trafikksikringsplanen.

**Delansvarleg:** Einingsleiar eigedom i samarbeid med kommunalsjef oppvekst.

**Tiltak:**

- ✓ Prosjekt for å sjå nærare på kva ein kan gjere for å betre bringe-/hentesituasjonen ved grunnskulane i kommunen.  
Følgjande skular har det kome fleire bekymrande meldingar frå:
  - Eikanger
  - Leknes
  - Lindås
  - Alversund
  - Knarvik
  - Seim
- ✓ Samarbeid med FAU
- ✓ Ta i bruk «Hjertesone-prosjektet» (informasjon frå Trygg Trafikk)

**Mål:** Betre samanhengen mellom og sikre meir einsarta tiltak, i område med samansette trafikkale utfordringar og kompliserte reguleringar.

**Delansvarleg:** Samfunnsutvikling og kommunalteknikk Ass. Rådmann

**Tiltak:**

- ✓ Utarbeide eigne områdeplanar for trafikksikring i utvalde områder nær skule og med store utbyggingsplanar.

## Trafikførebbyggjande tiltak, i samarbeid med eksterne aktørar:

**Ansvarleg:** Lindås kommune - Rådmann

**Delansvarleg:** Sjå under kvart mål

Punkta under er ei oppstilling av tiltak Lindås kommune ynskjer å få utført i denne planperioden. Når tiltak skal gjennomførast, skal dei aktørane som er lista opp som moglege samarbeidspartnarar kontaktast for å setje opp ein avtale om gjennomføring.

- Mål:** Få mjuke trafikantar til å vere synleg i trafikken.  
Dei nasjonale måla for refleksbruk er:  
40% i byar og tettstader og 60% utanfor byar og tettstader i 2018.
- Delansvarleg:** Koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging (og kommunalt trafikksikringsutval), LMBR
- Mogleg samarbeidspartnar:** TSU, Statens vegvesen, Politiet, trafikkskular og Trygg Trafikk
- Tiltak:**
- ✓ Reflekskampanje, med utdeling av refleks, retta mot alle innbyggjarane i kommunen på den årlege nasjonale refleksdagen.
  - ✓ Kampanje for bruk av godt lys på sykkel
- Mål:** Annakvart år skal det gjennomførast eit kommunalt arrangement med fokus på trafiktryggleik
- Delansvarleg:** Koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging samfunnsplanlegging (og kommunalt trafikksikringsutval), LMBR
- Mogleg samarbeidspartnar:** TSU og Trygg Trafikk
- Tiltak:**
- ✓ Ulike tema frå gong til gong, retta mot ulike målgrupper. Gjerne ta opp aktuelt tema som Trygg Trafikk har fokus på gjeldande år.
- Mål:** Gi informasjon om trafiktryggleik til foreldre ved oppstart av nytt skule- og barnehageår
- Delansvarleg:** Koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging i samarbeid med einingsleiar oppvekst
- Mogleg samarbeidspartnar:** TSU, Politi, brannvesen og Trygg Trafikk
- Tiltak:**
- ✓ Felles informasjonsskriv til foreldre ved alle skulane og barnehagane i kommunen. (Private skular og barnehagar må få tilbod om å nytte same skriv.)
  - ✓ Fast tema på fyrste foreldremøte om hausten. Eventuelt med eit kort foredrag frå ein fagperson eller ein filmsnutt?

---

<b>Mål:</b>	Betre køyreåtfërda i område med skule/barnehage
<b>Delansvarleg:</b>	Koordinator for folkehelse og samfunnsplanlegging (og kommunalt trafikksikringsutval)
<b>Mogleg samarbeidspartnar:</b>	TSU og Politi
<b>Tiltak:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>✓ Kontroll av køyreåtfærd ved skulane og barnehagane i kommunen. Eksempel på kampanjar<ul style="list-style-type: none"><li>➤ «Gladkampanjar»</li><li>➤ Fartskontroll</li><li>➤ Mobile fartstavler</li></ul></li></ul>

### 5.7.2 Særleg farleg skuleveg

Som tidlegare omtala vart det i 2016 utarbeida ein analyserapport for særleg farleg skuleveg. Føresegnene seier at ein veg som vert karakterisert som særleg farleg, skal skilje seg ut frå resten av vegnettet. Det var ikkje lett å finne grensa for kor tid ein veg går frå å vere farleg til å verte sett på som særleg farleg.

I rundskriv 3 – 2009 frå Utdanningsdirektoratet står det:

«Elevar som ferdast i trafikken vil alltid vere utsette for ein viss fare. Dette er likevel ikkje nok til å få gratis skyss ettersom det må vere tale om ein "særleg risiko". Dette inneber at faren ved å ferdast på denne vegen må vere utanom det vanlege for at vegen skal kunne karakteriserast som "særleg farleg eller vanskeleg" skuleveg for den einskilde elev.»

Resultata frå anaysen var basert på fleire kriteria, mellom anna:

- Om det er fortau på strekninga
- Kva fartsgrensa er
- Kva trafikkmengda (ÅDT) er
- Vegbreidd. Om denne er over eller under 4 meter
- Om det er veglys

Metodane som vart brukt i analysa var:

- GIS analyse ( data presentert i kart )
- 360 foto, panoreringsbilete – 360 grader.
- Innspel frå høyringsrunde

Lindås kommune har eit ynskje om at alle born som bur innanfor 4km-sona, skal ha høve til å gå eller sykle til skulen.

Det er høg fokus på skulevegar, både kommunalt og fylkeskommunalt. Så langt det let seg gjere innafor årlege rammer vert desse vegane prioritert med tanke på å gjere det sikrare for dei mjuke trafikantane. Fleire av skulevegane i kommunen er fylkesvegar.

Utbetring av alle skulevegane vil krevje store investeringar.

I følgjande tabell har ein klassifisert skulevegane i Lindås kommune som ligg innanfor 4km grensa frå skulen. Ein har valt å dele vegane inn i 3 kategoriar.

**Kategori 1** vegar som er vurdert som særleg farleg eller vanskeleg skuleveg for elevar i grunnskulealder

**Kategori 2** vegar som er vurdert som trafikkfarleg, men ikkje slik at det vil gi rett til fri skuleskyss på objektivt grunnlag. Foreldre kan søkje om fri skyss, med grunngeving i barnet sine føresetnader (alder/modning/fungering/....)

**Kategori 3** vegar som er vurdert som mindre trafikkfarlege, og som til vanleg ikkje vil gi rett til fri skuleskyss.

Alle elevar i grunnskulealder som har skuleveg langs Kategori 1, skal ha rett til fri skuleskyss ved søknad. Skuleskyss vert rekna til og frå skulen og gjeld ikkje born i SFO.

Kvart einskild barn si føresetnad for å meistre skulevegen er ikkje teke omsyn til i denne oversikta. Det er heller ikkje sett på særskilde vinterforhold. Det vil difor som før være høve til å søkje skyss på særskilt grunnlag og vinterskyss i kategori 2 og 3.

## Tabell over vegkategori innanfor 4km sona til kvar skulekrins

### Alversund skule

Vegtype/nr.	Vegnavn	Kategori	Kommentar
Fv 57	Lindåsvegen	2/3	Samanhengande gang- og sykkelveg frå Knarvik til Isdalstøbakken som vidare er alternativ veg
Fv 404	Skarsvegen	1	Del av strekninga
Fv 404	Skarsvegen	2	Frå meter 0 til meter 1890.
Fv 565	Alverflaten	2/3	Fotgjengerfelt og alternativ veg delar av strekninga
Fv 565	Radøyvegen	1	Del av strekninga
Kv 1000	Alvermarka	2	
Kv 1001	Alvervegen	2	
Kv 1004	Brørakastet	2	
Kv 1005	Buhaugen	2	
Kv 1006	Buheim	2	
Kv 1009	Furumarka	2	
Kv 1027	Lyngmarka	2	
Kv 1029	Risbekken	2	
Kv 1030	Risdalen	2	
Kv 1031	Rishaugane	2	
Kv 1035	Stølsmarka	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
Kv 1038	Tømmervika	2	
Kv 1055	Mangerbua	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
Kv 1063	Kyrkjevegen	2	
Kv 1064	Prestebrekka	2	
Kv 1069	Vardane	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
Kv 1070	Kalvatræ	2	
Kv 1071	Løhøyen	2	
Kv 1072	Storsteinen	2	
Kv 1073	Leitet	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
Kv 1074	Hillandsvegen	2	
Kv 1075	Soltveitvegen	2	

<b>Kv</b>	1076	Gangstøvegen	2	
<b>Kv</b>	1077	Blombakken	2	
<b>Kv</b>	1079	Gamlastøa	2	
<b>Kv</b>	1080	Ikenberget	2	
<b>Kv</b>	1081	Stølen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1082	Tuftamyra	2	
<b>Kv</b>	1103	Erstadvegen	2	
<b>Kv</b>	1144	Kvamsvågen	2	
<b>Kv</b>	1162	Nedre Alver	2	
<b>Kv</b>	1170	Remmo	2	
<b>Kv</b>	1219	Kvamsvegen	2	
<b>Kv</b>	1229	Klokkestien	2	
<b>Kv</b>	1238	Isdalstøbakken	3	
<b>Kv</b>	1245	Galteåsen	3	
<b>Kv</b>	1075	Soltveitvegen	2	
<b>Kv</b>	1076	Gangstøvegen	2	
<b>Kv</b>	1077	Blombakken	2	

### Eikanger skule

Vegtype/nr.	Vegnavn	Kategori	Kommentar	
<b>Rv</b>	E39	Osterfjordvegen	1	Del av strekninga
<b>Fv</b>	389	Høylandsvegen	2	
<b>Fv</b>	393	Eidavegen	2	
<b>Fv</b>	393	Eidsnesvegen	1	Del av strekninga
<b>Fv</b>	397	Mykingvegen	2	
<b>Kv</b>	1110	Fyllingsnesvegen	1	Del av strekninga og punkt
<b>Kv</b>	1148	Li	2	
<b>Kv</b>	1163	Nedre Eikanger	2	
<b>Kv</b>	1214	Øvre Eikanger	2	
<b>Kv</b>	1234	Vahaugen	3	
<b>Rv</b>	E39	Osterfjordvegen	1	Del av strekninga

**Kløyheim skule**

Vegtype/nr.	Vegnavn	Kategori	Kommentar
<b>Kv</b> 92	Veg mellom Reikeråsvegen og Kløyheim skule.	1	Punkt på strekninga
<b>Fv</b> 397	Mykingvegen	1	Del av strekninga
<b>Kv</b> 1008	Furulia	3	
<b>Kv</b> 1016	Høghøyen	3	Ein liten del med fortau
<b>Kv</b> 1037	Svindalsvegen	2	
<b>Kv</b> 1091	Bjørnevoll	2	
<b>Kv</b> 1113	Grovavegen	2	
<b>Kv</b> 1169	Reikeråsvegen	1	Del av strekninga
<b>Kv</b> 1202	Tveitastø	2	

**Knarvik skular**

Vegtype/nr.	Vegnavn	Kategori	Kommentar
<b>Rv</b> E39	Osterfjordvegen	3	
<b>Fv</b> 57	Lindåsvegen	3	
<b>Fv</b> 392	Hagellia	3	
<b>Fv</b> 392	Klubbadalen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Fv</b> 565	Alverflaten	3	
<b>Kv</b> 1003	Bruvegen	2/3	Ein liten del
<b>Kv</b> 1013	Hagellia	2/3	Ein liten del
<b>Kv</b> 1015	Haugvegen	2	
<b>Kv</b> 1018	Juvikstølen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b> 1020	Klubben	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b> 1023	Kvassnesvegen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b> 1028	Lyngvegen	2/3	Ein liten del
<b>Kv</b> 1033	Stallane	2	

---

<b>Kv</b>	1034	Strandvegen	2	
<b>Kv</b>	1044	Burkhovdane	2	
<b>Kv</b>	1045	Litlevika	2	
<b>Kv</b>	1046	Kvernhusmyrane	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1047	Røsvikdalen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1049	Røsvikhaugane	2	
<b>Kv</b>	1050	Oterdalen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1051	Oteråsen	2/3	Ein liten del
<b>Kv</b>	1052	Oterhaugane	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1056	Kvernhusaugane	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1063	Kyrkjevegen	3	
<b>Kv</b>	1083	Lonsvegen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1084	Orrestein	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1085	Vykjetona	2	
<b>Kv</b>	1135	Isdal	2	
<b>Kv</b>	1180	Sjosidevegen	2	
<b>Kv</b>	1232	Gjervika	2	
<b>Kv</b>	1238	Isdalstøbakken	3	
<b>Kv</b>	1242	Langheiane	3	
		Runden for buss ved	3	
<b>Kv</b>	9001	skysstasjonen		

---



### Leiknes skule

Vegtype/nr.	Vegnavn	Kategori	Kommentar
<b>Ev</b> 39	Osterfjordvegen	1	Del av strekninga ved Munndal
<b>Fv</b> 391	Leknesvegen	1	Del av strekninga
<b>Fv</b> 391	Leknesvegen	2/3	Deler av strekninga har fortau, nedsett fartsgrense og fartshumpar.
<b>Fv</b> 391	Sandvikavegen	2	
<b>Kv</b> 4, 5, 6	Hodnesdalsvegen	2	
<b>Kv</b> 1022	Kringlebakken	3	
<b>Kv</b> 1025	Langerinden	3	
<b>Kv</b> 1117	Hellesneset	2	
<b>Kv</b> 1123	Hjelmåsen	2	
<b>Kv</b> 1128	Hopsdalsvegen	2	
<b>Kv</b> 1139	Kleivdalsvegen	2	
<b>Kv</b> 1165	Nordgardsvegen	2	
<b>Kv</b> 1191	Storneset	3	
<b>Kv</b> 1218	Sauvågen	1	

### Lindås skular

Vegtype/nr.	Vegnavn	Kategori	Kommentar
<b>Fv</b> 57	Mongstadvegen	1	Del av strekninga
<b>Fv</b> 398	Fjellangersvingane	2	
<b>Fv</b> 400	Veråsvegen	2	
<b>Fv</b> 400	Fonnebostvegen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Fv</b> 415	Veråsvegen	1	Del av strekninga
<b>Kv</b> 1002	Bakken	2	
<b>Kv</b> 1007	Dalane	2	
<b>Kv</b> 1011	Grønfjellet	3	
<b>Kv</b> 1021	Kolåsvegen	3	
<b>Kv</b> 1026	Lynghaugane	2	
<b>Kv</b> 1032	Skrenten	3	

<b>Kv</b>	1036	Svehaugane	2	
<b>Kv</b>	1057	Krambuhaugen	2	
<b>Kv</b>	1059	Spjeldneset	2	
<b>Kv</b>	1060	Bleikvollen	2	
<b>Kv</b>	1066	Hestegjerdet	2	
<b>Kv</b>	1067	Hallane	3	
<b>Kv</b>	1068	Kyrkjebrekka	2	
		Gamle		
<b>Kv</b>	1111	Prestavegen	2	
<b>Kv</b>	1127	Holmesvegen	2	
<b>Kv</b>	1142	Kvalen	2	
<b>Kv</b>	1184	Skornesvegen	2	
<b>Kv</b>	1186	Spjøtøyvegen	2	
<b>Kv</b>	1188	Steinsvikvegen	2	
<b>Kv</b>	1189	Storbruhaugen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1223	Spiki	2	
<b>Kv</b>	1228	Kanalvegen	2	

### Myking skule

Vegtype/nr.	Vegnavn	Kategori	Kommentar	
<b>Fv</b>	397	Mykingvegen	1	Delar av strekninga
<b>Fv</b>	399	Skauvegen	1	Del av strekninga
<b>Kv</b>	1116	Hellebrekkene	2	
<b>Kv</b>	1124	Hodneland	2	
<b>Kv</b>	1166	Nevdal	2	
<b>Kv</b>	1203	Tveiten	2	
<b>Kv</b>	1207	Vefjell	2	
<b>Kv</b>	1222	Myking	2	

### Nordhordland Kristne Grunnskule

Vegtype/nr.	Vegnavn	Kategori	Kommentar
Rv E39	Osterfjordvegen	3	
Fv 57	Lindåsvegen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
Fv 392	Litlevika	2	
Fv 392	Hagellia	3	
Fv 392	Klubbadalen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
Fv 404	Skarsvegen	1	Del av strekninga
Fv 565	Alverflaten	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
Fv 565	Radøyvegen	1	Del av strekninga
Kv 1000	Alvermarka	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
Kv 1001	Alvervegen	2	
Kv 1003	Bruvegen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
Kv 1004	Brørakastet	2	
Kv 1005	Buhaugen	2	
Kv 1006	Buheim	2	
Kv 1009	Furumarka	2	
Kv 1013	Hagellia	2/3	Ein liten del
Kv 1015	Haugvegen	2	
Kv 1018	Juvikstølen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
Kv 1020	Klubben	2	
Kv 1023	Kvassnesvegen	3	
Kv 1027	Lyngmarka	2	
Kv 1028	Lyngvegen	2/3	Ein liten del
Kv 1029	Risbekken	2	
Kv 1030	Risdalen	2	
Kv 1031	Rishaugane	2	
Kv 1033	Stallane	2	
Kv 1035	Stølsmarka	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
Kv 1038	Tømmervika	2	
Kv 1044	Burkhovdane	2	
Kv 1045	Litlevika	2	

<b>Kv</b>	1046	Kvernhusmyrane	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1055	Mangerbua	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1056	Kvernhushaugane	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1063	Kyrkjevegen	3	
<b>Kv</b>	1064	Prestebrekka	2	
<b>Kv</b>	1069	Vardane	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1070	Kalvatræ	2	
<b>Kv</b>	1071	Løhøyen	2	
<b>Kv</b>	1072	Storsteinen	2	
<b>Kv</b>	1073	Leitet	3	
<b>Kv</b>	1074	Hillandsvegen	2	
<b>Kv</b>	1075	Soltveitvegen	2	
<b>Kv</b>	1076	Gangstøvegen	2	
<b>Kv</b>	1077	Blombakken	2	
<b>Kv</b>	1079	Gamlastøa	2	
<b>Kv</b>	1080	Ikenberget	2	
<b>Kv</b>	1081	Stølen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1082	Tuftamyra	2	
<b>Kv</b>	1083	Lonsvegen	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b>	1084	Orrestein	3	
<b>Kv</b>	1085	Øykjetona	2	
<b>Kv</b>	1103	Erstadvegen	2	
<b>Kv</b>	1135	Isdal	2	
<b>Kv</b>	1144	Kvamsvågen	2	
<b>Kv</b>	1162	Nedre Alver	2	
<b>Kv</b>	1170	Remmo	2	
<b>Kv</b>	1219	Kvamsvegen	2	
<b>Kv</b>	1229	Klokkarstien	2	
<b>Kv</b>	1238	Isdalstøbakken	3	
<b>Kv</b>	1242	Langheiane	3	
<b>Kv</b>	1245	Galteåsen	3	

**Ostereidet skular**

<b>Vegtype/nr.</b>	<b>Vegnavn</b>	<b>Kategori</b>	<b>Kommentar</b>
<b>Rv</b> E39	Osterfjordvegen		Ikkje aktuell som skuleveg
<b>Fv</b> 393	Eidavegen	1	Del av strekninga
<b>Fv</b> 394	Stranda	1	Del av strekninga
<b>Kv</b> 1093	Bjørsvikvegen	2	
<b>Kv</b> 1097	Dyrhovden	2/3	Delvis fortau eller gang- og sykkelveg
<b>Kv</b> 1098	Eidavegen	1	Del av strekninga
<b>Kv</b> 1102	Eknes	2	
<b>Kv</b> 1118	Heltveitvegen	2	
<b>Kv</b> 1145	Ladberget	2	
<b>Kv</b> 1158	Molvikavegen	2	
<b>Kv</b> 1193	Storset	2	
<b>Kv</b> 1200	Totland	2	
<b>Kv</b> 1213	Ørnova	2	

**Seim skule**

<b>Vegtype/nr.</b>	<b>Vegnavn</b>	<b>Kategori</b>	<b>Kommentar</b>
<b>Fv</b> 57	Lindåsvegen		Ikkje aktuell som skuleveg
<b>Fv</b> 390	Vassbygdvegen	1	Del av strekninga
<b>Fv</b> 401	Seimsstranda	1	Del av strekninga
<b>Fv</b> 402	Lurevegen	1	Del av strekninga
<b>Kv</b> 1101	Elsåsvegen	2	
<b>Kv</b> 1105	Fiskeset	2	
<b>Kv</b> 1109	Fureberget	2	
<b>Kv</b> 1122	Hjelmtveitvegen	2	
<b>Kv</b> 1132	Hønsedalen	2	
<b>Kv</b> 1134	Ikeland	2	
<b>Kv</b> 1136	Kapperdalsvegen	2	
<b>Kv</b> 1139	Kleivdalsvegen	2	

<b>Kv</b>	1164	Nesbrekka	2
<b>Kv</b>	1173	Risåsen	2
<b>Kv</b>	1177	Seimsleitet	2
<b>Kv</b>	1212	Vatne	2
<b>Kv</b>	1231	Krokjen	2

### Skodvin Montessoriskule

<b>Vegtype/nr.</b>	<b>Vegnavn</b>	<b>Kategori</b>	<b>Kommentar</b>
<b>Fv</b>	57	Lindåsvegen	1 Delar av strekninga
<b>Fv</b>	390	Vassbygdvegen	1 Del av strekning
<b>Fv</b>	396	Sævråsvegen	2
<b>Fv</b>	398	Fjellangersvingane	2
<b>Kv</b>	73		2/3 Ein liten del
<b>Kv</b>	75	Skodvinsvegen	2
<b>Kv</b>	1053	Fagervollen	2
<b>Kv</b>	1107	Fjellsbevegen	2
<b>Kv</b>	1112	Gaulen	2
<b>Kv</b>	1120	Hetlehovda	2
<b>Kv</b>	1131	Hundvinsvegen	2
<b>Kv</b>	1143	Kvalvågnesvegen	2
<b>Kv</b>	1155	Maråsvegen	2
<b>Kv</b>	1183	Skodvinsvegen	2
<b>Kv</b>	1201	Trælandsvegen	2

---

## **Vedlegg**

- Vedlegg 1:   Analyserapport – Særleg farleg skuleveg**
- Vedlegg 2:   Oversikt over innspel til planen**
- Vedlegg 3:   Oversikt over innspel som ikkje kom med**
- Vedlegg 4:   Oversikt over tiltak som er utført frå førre plan**